

BLYTTIA

2/2013



Ivar Aasen-jubileet
1813–2013



NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT
JOURNAL OF THE NORWEGIAN BOTANICAL SOCIETY

ÅRGANG 71

ISSN 0006-5269



BLYTTIA

NORSK
BOTANISK
FORENING'S
TIDSSKRIFT

Redaktør: Jan Wesenberg. **I redaksjonen:** Leif Galten, Klaus Høiland, Mats G Nettelbladt, Kristin Vigander
Engelskspråklig konsulent: Paul Shimmings
Postadresse: Blyttia, Naturhistorisk museum, postboks 1172 Blindern, NO-0318 Oslo
Telefon: 90 88 86 83
Faks: 22 85 18 35; merk førstesida «BLYTTIA»
E-mail: blyttia@nhm.uio.no

Hjemmeside: <http://www.nhm.uio.no/botanisk/nbf/blyttia/>
Blyttia er grunnlagt i 1943, og har sitt navn etter to sentrale norske botanikere på 1800-tallet, Mathias Numsen Blytt (1789–1862) og Axel Blytt (1843–1898).

© Norsk Botanisk Forening. ISSN 0006-5269.
Sats: Blyttia-redaksjonen.

Trykk og ferdiggjøring: ETN Porsgrunn.

Ettertrykk fra Blyttia er tillatt såfremt kilde oppgis. Ved ettertrykk av enkeltbilder og tegninger må det innhentes tillatelse fra fotograf/tegner på forhånd.

Norsk Botanisk Forening

Postadresse: som Blyttia, se ovenfor.

Telefon: 92 68 97 95 (daglig leder).

Org.nummer: 879 582 342.

Kontonummer: 2901 21 31907.

Medlemskap: NBF har medlemskap med Blyttia (A-medlemskap) eller uten Blyttia (B-medlem). Innmelding skjer til den grunnorganisasjonen en sokner til, eller til NBF sentralt. Nærmore opplysninger om medlemskap og kontingen finnes på NBFs nettsider, eller kan fås hos grunnorganisasjonen.




Grunnorganisasjonenes adresser:

Nordnorsk Botanisk Forening: Postboks 1179, 9262 Tromsø. **NBF – Trøndelagsavdelingen:** Vitenskapsmuseet, seksjon for naturhistorie, 7491 Trondheim. **NBF – Vestlandsavdelingen:** v/sekretæren, Botanisk institutt, Allégt. 41, 5007 Bergen. **Sunnhordland Botaniske Forening:** v/ Anders Haug, Høgskolen Stord/Haugesund, 5414 Stord. **NBF – Rogalandsavdelingen:** Styrk Lote, Vinkelvn. 1, 4340 Bryne. **Agder Botaniske Forening:** Agder naturmuseum og botaniske hage, Postboks 1887 Gimlemoen, 4686 Kristiansand. **Telemark Botaniske Forening:** Postboks 25 Stridsklev, 3904 Porsgrunn. **Larvik Botaniske Forening:** v/Trond Grøstad, Eikelundvn. 8, 3290 Stavern. **Buskerud Botaniske Forening:** v/ Kristin Bjartnes, Volten 11, 1357 Bekkestua. **Innlandet Botaniske Forening:** v/ Anders Breili, Mosoddveien 80, 2619 Lillehammer. **NBF – Østlandsavdelingen:** Naturhistorisk museum, postboks 1172 Blindern, 0318 Oslo. **Østfold Botaniske Forening:** v/Jan Ingar Båtvik, Tomb, 1640 Råde.

I DETTE NUMMER:

Blyttia nr. 2, sommernummeret, ble ikke fullt så mangfoldig i tematikk som redaktøren vanligvis klarer å få det til. Litt lite terrestrisk og litt lite blomsterplanter, antakelig. Men like fullt mangfoldig. Er du av dem som savner annet stoff – send inn et lite bidrag, da vel!



I anledning Ivar Aasen-året har Torbjørn Urke skrevet om Ivar Aasen som plantesamler, og publisert en oppdatert oversikt over hans herbarium som oppbevares ved Aasenmuseet i Volda. Se artikkelen side 73.



Dvergålegras i Norge, en sterkt truet art (EN), har fått en grundig og informasjonsmettet oversikt i Anders Lundbergs artikkelen på side 97.



Sjøplomme er en sjeldent kolonidannende blågrønnbakterie som Olav M. Skulberg forteller om på s. 115.



Den utpreget østlige arten sjøpigkknopp, tidligere bare kjent fra Hedmark, er funnet i Finnmark og Telemark. Se Reidar Elven og Karen Anna og Jan Øklands artikkelen på s. 127.

Hovedstyret i NBF

Kristina Bjureke, Rødbergveien 70 C, 0593 Oslo, k.e.bjureke@nhm.uio.no, tlf. 95200804; Roger Halvorsen, Hanenvoldvn. 15, 3090 Hof, roghalv@gmail.com, tlf. 33058600; Marianne Karlsen, Jørgen Moes vei 144, 3512 Hønefoss, marianne.karslen@ub.uio.no, tlf. 95806572; Torbjørn H. Kornstad, Fangbergsvegen 170, 2380 Brumunddal, torbjorn.kornstad@gmail.com, tlf. 90733123; Kristin Vigander, Ruglandveien 10, 1358 Jar, kristvi@gmail.com, tlf. 90741170; Odd Winge, Kvitaluren 80, 5414 Stord, oddwinge1@gmail.com, tlf. 93455414.

Varamedlemmer: Styrk Lote, Vinkelvn. 1, 4340 Bryne, tlf. 51482958; Ingar Pareliussen, Leirfossvegen 41, 7038 Trondheim, ipa@dmnh.no, tlf. 92819379.

Lønnede funksjoner: Torborg Galteland, daglig leder, post@botaniskforening.no; tlf. 92689795; Jan Wesenberg, redaktør (se ovenfor), May Berthelsen, koordinator for Villblomstenes dag, may.berthelsen@gmail.com, tlf. 90183761, Even Woldstad Hanssen, rødliste- og floravokterkoordinator, even.w.hanssen@sabima.no, tlf. 99256120; Gry Støvind Hoell, floravokterkoordinator, gry@hoell.no, tlf. 99156295.

Leder



Da jeg var barn, lært jeg meg en liten historie om en fattig skomaker. Han jobbet og jobbet hele året, kun én eneste gang tok han seg fri. Da satte han opp et skilt på døren til sitt skomakerverksted: «Lukket mellom hegg og syrin».

Noen jeg fortalte denne historien til i Norge hadde hørt den, andre ikke. Men det er en så fin historie som virkelig viser at akkurat nå er det den fineste tiden på året, den er så fin at vi bør nyte hele døgnet. Skomakeren hadde bare mulighet å ta fri én uke per år – da valgte han beste treblomstringstid!

Selv nøt jeg av vårblomstring denne uken da jeg var på ekskursjon til slåttemarken på Mikkelirud i Aurskog-Høland. Det var en flott tur, selv om vi kun var to ØLA-medlemmer som stilte opp pluss de to grunneierne. Mikkelirud har betydd mye for meg helt siden første gang jeg var der i 1992. Mikkelirud en en unik plass medenger som har unngått innsåing av gressfrø, kunstgjødsel og gjengroing. 300 år med tradisjonell hevd har bidratt til høyt biologisk mangfold på denne slåt-

temarken. De siste fem årene har Østlandsavdelingen arrangert slåttedag der i august, vi har ekskursjon dit i beste blomstringstid i juni, og ryding av einstape og smågran var programmet for turen i denne uken. Å ha en favorittblomsterplass som man kan komme tilbake til om og om igjen er viktig for sjelen. Jeg har tre plasser som betyr utrolig mye for meg: sandsteppen ved Haväng i Skåne, øyene i indre Oslofjord og Mikkelirud. Vegetasjonen er helt ulik på de tre plassene, men det å komme tilbake til disse tre perlene år etter år, betyr ufattelig mye. Og det er alltid spennende når man etter flere besøk stadig finner nye arter på sine favorittplasser!

Selv om det er lett å bli naturromantisk på denne tiden av året, er det ting som er bekymringsfullt. Den mørke skyen på himmelen nå er at Reidar Elven har gått av som konservator ved Botanisk museum, Naturhistorisk museum i Oslo. Reidar har en unik oversikt over floraen i hele vårt land. Vi har mange gode botanikere som virkelig kan floraen i sitt distrikt, men Reidar er unik ved å kjenne hele landets flora. Han har bearbeidet og skrevet de to siste Lids flora. Hva kommer å skje nå? Generasjonen av gode feltbotanikere med oversikt over hele landets plantogeografi er på vei til å forsvinne. Interessen for å nøkle seg frem til arter og bygge opp en bred artskunnskap om vår egen flora minsker. Kommer vi til å få nye utgaver av Lids flora med samme tidsintervaller som tidligere? Da skulle den neste bli lansert i 2015 – det er like rundt hjørnet.

Kristina Bjureke
Norsk Botanisk Forening

Planter jeg har sett

Etter idé og tillatelse fra Svensk Botanisk Forening, har vi trykket opp et heft med bilde av hundre vanlige planter. Plantene er lette å kjenne igjen, og man kan krysse av hvilken art man har sett. Disse heftene selger vi nå i klasesett på 30 stk. Ett klasesett koster kr. 100 og kan bestilles gjennom foreningen.




Samisk etnobotanikk

Mats G Nettelbladt

Plåtslagarg. 11, SE-930 90 ARJEPLOG, Sverige
 mndt@frisurf.no

Siri M Utsi

Seidegava 19 A, SE-938 96 ARJEPLOG, Sverige



Sárá, M. 2012. Luodu láhjít, borramuš- ja dálkkašattut. 208 s. Davvi Girji. ISBN 9788273747792.

Bokas tittel kan oversettss med 'Ville planters gaver, mat- og legeurter' og handler om hvordan man bruker 46 ulike ville planter i Sápmi (Sameland). Utgivelsen av denne boka er et flott initiativ! Sjøl om det finnes andre bøker i samme emne på ulike nordiske språk, så er denne både velskrevet og uttømmende. Den er et lysende bidrag til kjennskapet til samisk tradisjonskunnskap som står i fare for å forsvinne i forbrukersamfunnet som samer sjølsagt også er en del av. Máret Sárá bruker et nyansert fargerikt språk som gjør at boka er trivelig å lese, samtidigt som den gir god opplysning om plantedelenes navn og beskriver svært godt hvordan plantenes brukses. Bildene letter opp teksten og gjør den enda mer lettles. Men så er boka også tenkt som lærebok i ungdomsskolen.

Mangefull korrekturlesing av bøker er ganske vanlig ved utgivelser på 'eget forlag', men her har et anerkjent forlag som det norske Davvi Girji åpenbart ikke tilstrekkelig gode rutiner. I Luodu láhjít er det først og fremst snakk om botaniske feil. En del plantenavn er feilaktige, både latinske og norske. Moderne standardfloraer burde vært brukt og teksten helst også vært korrekturstøtt av en botaniker.

Under omtalen av slirekneplanter blir både *arten* og den ene *underarten* av engsyre nevnt, mens den andre underarten utelates, til tross for at den, setersyra, skal være den aller beste til å lage den delikate samiske spesialiteten *juopmu*.

I ett naturfolksspråk som samiskan får noen planter navn etter bruksområde. Slik har fjellkvann

ulike navn etter plantens utviklingsstadium. Den unge planten som bare har blad heter *fádnu*, mens den som er fullt utvokst med blomsterskjærmer har navnet *boska*. Begge disse navnene burde stått i rubrikken; nå står bare boska der. Fádnu angis bare som synonym sammen med *olbmoborranrássi* ('plante som blir spist av mennesker') som virker å være et konstruert navn.

Siden ordet 'luodu' står for vilt/det ville (om planter) synes vi at det er misvisende å ta med både (vanlig) matgrasløk og jordbær (står feilaktig 'jordgumme' som svensk navn og andrenavn på norsk!). Det skulle vært nok bara å ta med sibirgrasløk og markjordbær, som begge også er nevnt.

En interessant detalj er at de to tranebærarterna har godt skilte nordsamiske namn, men vi er ikke helt sikker på at det stemmer. Stortranebær, *giegamuorji* – gaukbær, angis nemlig som dyrka, og vi mistenker da at en i stedet mener det amerikanske kjempetranebæret som selges i Norden. I nordlige deler av Sápmi er småtranebær, *giegajoukja* – gauktyttebær, den helt forherskende tranebærarten, og det skulle holde vel så godt bara å ta med denne. Noen smaksforskjell mellom artene er ikke kjent, men derimot nevnes ikke den påfallende bedre og den merkbart mindre sure smaken når bærene har vært utsatt for frost.

Ei overraskende navnsetting er at man for tre arter med en nordlig underart har valgt denne til grundformen av det samiska namnet: *leaibi* – kolagråor, *duopma/ávža* – nordhegg og *reatká/gaskkas* – fjelleiner. Men de andre tilsvarende underartene, skoggråor, skoghegg og bakkeiner forkommer alle også ganske hyppig over Sápmi...

Men den mest graverende filen i boka er omtale og bilde av en giftig forvekslingsart til fjellkvann som blir påstått å være selsneppe. Men bildet viser ikke selsneppe, men en eller annen kjempebjørnekjeks! Den angitte utbredelsen virker også passe bedre for kjempebjørnekjeks, bl a tromsøpalme, nemlige 'hele riket', dvs Norge, uten at noe blir sagt for øvrige Sápmi. Selsnepas norske utbredelse omfatter i virkeligheten bare Østlandet pluss enkelte forekomster på Vestlandet og i Trøndelag foruten en eneste kjent lokalitet i Kautokeino, mens den imidlertid er ganske vanlig langt nordover både i Sverige og Finland

Sjøl om boka som synes er befeftet med en del botaniske feil kan den varmt anbefales for den samiskkunnige. Luodu láhjít gir som helhet et trivelig inntrykk og har en svært tiltalende layout. Men det ville vært ønskelig dersom boka kunne oversettes til svensk og/eller norsk!

«Naar det laver av Blomar paa Straa» Studiar i Ivar Aasens herbarium

Torbjørn Urke

Urke, T. 2013. «Naar det laver av Blomar paa Straa». Studiar i Ivar Aasens herbarium. *Blyttia* 71: 73–92.

Studies on the Ivar Aasen Herbarium.

Ivar Aasen (1813–96) was a famous Norwegian linguist, poet and lexicographer. Perhaps less well-known is that he also had good knowledge of plants and that in 1839, and at the age of 26 years, completed his Herbarium with an index of 509 species. After 1841, Aasen abandoned his botanical studies to focus on his linguistic and lexicographical research. Several Norwegian botanists have contributed towards completing the index of Aasen's herbarium with scientific and vernacular names of species. In 1940, curator Johannes Lid published an index of scientific plant names of the plants in the herbarium (Lid 1940). Professor Rolf Nordhagen contributed with five amendments in 1976. In the 70 years since the index was produced it has long since sold out, and the names used no longer conform to current nomenclature. The time has come to present an updated index to the herbarium. This article presents a short account of the Herbarium, as well as a complete and updated index to it, with valid scientific names, current official Norwegian and Aasen's original list of traditional 19th century local plant names from Sunnmøre.

Torbjørn Urke, Høgskulen i Volda, PB 500, NO-6101 Volda Torbjorn.Urke@hivolda.no

Ivar Aasen legg herbariet til side

Dersom biskop i Bjørgvin Jacob Neumann (1772–1848) i Bergen hadde vore like planteinteressert som han var interessert i språk då 28 år gamle Ivar Aasen oppsøkte han seinsommaren 1841, kan det godt vere at Aasen hadde vorte ein av våre aller største botanikarar frå 1800-talet. Forskargivnaden hadde den unge Aasen alt prova.

Ivar Aasen kom til Bergen med fire arbeid: 1) «Søndmørske Stedsnavne» 1840, 2) «Søndmørske Ordsprog» 1841, 3) «Den Søndmørske Dialekt. En grammatikalsk Oversigt med Fragmenter af en Ord-bog» 1841, 4) «Herbarium af vildt voxende Planter, som ere fundne i Skodje og Ørskougs Sogne paa Søndmør, i Aarene 1837, 38, 39; samlet og ordnet af Iver Iverson Aasen» (figur 1). (Djupedal 1957–60, I: 416).

Biskop Neumann forsto seg mest på språkarbeidet og oppmuntra Aasen på alle måtar til å arbeide vidare med det. Ivar Aasen var då klok nok til å innsjå at skulle han sikre seg eit levebrød, var det språkstudiet han måtte samle seg om.

I Bergen møtte Aasen også lækjaren og plante-kjennaren Johan Koren (1809–1885) som seinare vart konservator ved Bergens Museum. Aasen

kjende til han og visste at han hadde studert både planter og dyr før han, for å sikre seg eit levebrød, slo inn på legestudiet. Møtet med Koren gav heller ikkje Aasen tilskuv til vidare arbeid med botanikken.

Etter dette la han arbeidet med herbariet til side og samla seg om språkforskinga. I den grad han etter Bergens-reisa arbeidde vidare med botanikken, var det plantenamna han då samla seg om.

Opphavet til botanikkinteressa

Ivar Aasen (1813–1896) voks opp på garden Aasen i Ørsta, ein halvtimes gange frå lensmann og folkeopplysningsmann Sivert Aarflot (1759–1817) på Ekset. Her fekk den unge Aasen låne bøker som stimulerte mange interesser, ikkje minst var der naturfagbøker som den leselystne guten fekk låne. I sjølvbiografien som Aasen skrev til biskop Neumann i 1841 nemner han at dei «Linneiske Slægtnavn i Søndmørs Beskrivelse av Hans Strøm» (Strøm 1762, 1769), som han fekk låne på Ekset, «fornøiede mig meget». Ivar Grøvik (1922–84), bygdebokredaktør i Ørsta, held øg fram at plante-interessa Ivar Aasen hadde alt frå barndomen av, vart forsterka av bøker han lånte på Ekset. (Grøvik



Figur 1. I 1839 ordna Ivar Aasen herbariet i fem foliohefte (21x45 cm). Hefte 1: nr. 1-93, hefte 2: nr. 94-187, hefte 3: nr. 188-265, hefte 4: nr. 266-349 og hefte 5: nr. 350-509. Hefte nr 5 er opna, og me ser: 390 hengjeveng, 391 skjørløk, 392 fugletelg, 393 svartburkne, 394 olavskjegg og 395 bjørnekam. På høgre sida i folioheftet har Aasen skrive: 390: «Aspidium». Prost Deinboll som Aasen søkte hjelp hos, skreiv til: «phegopteris». Etter det skreiv Aasen «Dryopteris phegopteris». 391: «Denne lille Blom er ligesom No. 387 funden i en Fjeldur ved Abelsæt». Deinboll skreiv til: «montanum». Blytt har retta til «Aspidium fragile». Lid skreiv så: «= Cystopteris fragilis». 392: «S. Fugleblom». Deinboll: «Polypodium dryopteris». Lid: «= Dryopteris Linnaeanæ». 393: «Asplenium Trichomanes». 394: «Asplenium septentrionale, I Fjeld-urene ved Storevigen (Ørskoug)». 395: «Blechnum boreale. S. Bjønna-kamb». Lid: «= Blechnum spicant». Foto: TU 1996.

Ivar Aasen completed his herbarium in 1839 as five booklets consisting of 509 plant specimens. Here a spread from the 5th booklet, showing six fern species. On the right hand page Aasen gives the site where the plant was found, as well as the 19th century scientific names, the Norwegian/Danish names at that time and the local ethnic name he knew from Sunnmøre. Later several Norwegian botanists have supplied their comments and corrections in addition to Aasens original listing. The ferns shown here are: No. 390: *Dryopteris phegopteris*, 391: *Cystopteris fragilis*, 392: *Dryopteris Linnaeanæ*, 393: *Asplenium Trichomanes*, 394: *Asplenium septentrionale*, and 395: *Blechnum spicant*.

1981).

Då Ivar Aasen som 18-åring tok til som omgangsskulelærar i Ørsta, kom han òg til garden Brudevoll der folka var kjende for sine leseinteresser og at dei dreiv etter den tid eit moderne hagebruk. Bonden der, Nils Brudevoll (1804–1882), hadde også sterke botaniske interesser. Grøvik skriv at Nils Brudevoll òg samla planter til eit herbarium. Grøvik stiller spørsmål om det var den ni år eldre

Nils Brudevoll som kveikte interessa for å samle planter hos Aasen, eller om det var omvendt. (Grøvik 1981).

Planteinteressa hos Aasen fekk ny næring i møte med Brudevoll-kulturen tidleg på 1800-talet. Planter kunne bli leveveg. I ei liste frå 1838 har Aasen kartlagt heile 57 bruksområde for planter, mellom dei: Førplanter, planter som høver til te, som tobakksstatning, mot slangebit, gikt, gulcott, kreft,

2



Figur 2. Kunstgraffiker Johan Nordhagen sin kjente radering av Ivar Aasen.

The famous etching of Ivar Aasen made by graphic artist Johan Nordhagen.

lungesjukdomar og orm, planter som er urindrivande, avførande og vinddrivande, nervestyrkjande, magestyrkande og smertestillende (Walton 1996: 295). For den unge Aasen kunne nytteverdet vere ein god grunn til å utarbeide eit herbarium. Og då han vart privat huslærar i 1835 for familien til kaptein Ludvig J. Daae på Solnør, var tida komen då han kunne arbeide både med språk og botanikk.

Alt då han samla plantene til herbariet, laga han lister over «Trivelnavne», dvs dei lokale plantenamna, og han noterte seg kvar dei ulike namnevariantane vart brukte. Då han i 1839 ordna herbariet (figur 6, 7, 8), skrev han:

«Herbarium af vildt voxende Planter, som ere fundne i Skodje og Ørskougs Sogne paa Søndmør, i aarene 1837, 38 og 39; samlet og ordnet af Ivar Ivarson Aasen. Denne Plantesamling er, så vidt som mulig, ordnet efter Systemet i den tredie Utgave af Hornemanns oeconomiske Plantelære, og ved enhver Art er tilføjet dens løbenummer i Samlingen. Ved Nummeret paa de blanke Sider er sat enhver Plantes Navn, forsaavidt som jeg har vidst eller med nogen Grund formodet Samme. Det latinske systematiske Navn staar som det sikkreste først, og tildeels derefter

3



Figur 3. Professor Rolf Nordhagen og artikkelforfattaren i Urkedalen sommaren 1967. Her sit eg ved professorens føter og får lære at bregnene på Sunnmøre ofte vert kalla «blom». Det burde eg då ha visst! Nordhagen var plantenamngranskare og tydeleg påverka av Ivar Aasen sine namnestudiar. Foto: TU/Fred Urke 1967.

Professor Rolf Nordhagen (1894–1979) and the young author in Urkedalen in the summer 1967. Here I am sitting «by the professor's feet». Nordhagen was a keen student of plant names, clearly influenced by Ivar Aasen.

det danske eller norske i Plantelæren. Derpaa følger de søndmørske Trivelnavne, hvilken ere betegnede med et «S» foran. De arter, som jeg ikke finder anførte i Strøms Planteregister (i Strøms Søndmørs Beskrivelse), ere betegnede med et Kors (†) foran Navnet, og deres Voxested derefter anført. De planter, hvis Benevnelse og Plads i Systemet jeg var uviss om, har jeg sat, hvor jeg formodede, at de skulde staa, eller syntes, at de bedst passede, og blot angivet Sammes Voxested m.M. Solnor 1839.»

Svæve eit «net og passende» namn

Enkelte som har skrive bøker om Ivar Aasen har skildra han som smålåten. Det kan vere rett i visse høve, men slett ikkje når han er på fagleg



Figur 4. Herbariet er no oppbevart i Ivar Aasen-tunet. Nybygget er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevelingsenter som vart opna i juni 2000 og er teikna av arkitekten Sverre Fehn. Tunet ligg ved fødestaden til Ivar Aasen og innheld store boksamlingar og utstillingar. Foto: Torgeir Dimmen/Ivar Aasen-tunet.

The Herbarium is now in safe custody at the Ivar Aasen Centre at the historical site at Ørsta, where Ivar Aasen was born in 1813. The Culture Centre was designed by architect Sverre Fehn, and was opened in 2000.

heimebane. Gode døme på fagleg frimod finn me i herbariet. Når Aasen skriv om sunnmørnsnamnet svæve, *Hieracium*, nr 273 i herbariet, kjem han med framlegg om at det bør bli offisielt norsk namn. Aasen skriv:

«Navnet Svæve, der kan betyde den Søvnige eller den Sovende, og formodentlig hentyder paa den Egenskab hos disse Planter, at de mod Aften ligesom falde i Søvn, da deres blomster lukke sig, er især i sørde Søndmør almindelig brugeligt og tillægges flere lignende Arter. Det er besynderlig, at verken Strøm eller Flere har dette Navn. Mig forekommer det så net og passende, at jeg vilde foreslaa det til Brug i Plantelæren enten som Slægthavn for Slægten *Hieracium* (Høgeurt) hvem det egentlig tilhører, eller også som Familienavn for de Cichorieblomstrede Planter.»

Aasen sitt namneframlegg vart på 1900-talet gjort gjeldande for «Slægten *Hieracium*» i Noreg. Når Ove Dahl (1862–1940) i 1905 fullfører Axel Blytt (1843–98) si «Haandbog i Norges Flora», har heile slekta *Hieracium* fått namnet «Svæve», utan tvil fordi Aasen hevda at Svæve var «net og passende».

Nye lister med plantenamn samla Aasen både på reisene sine og elles i tilgjengelege skriftlege kjelder. Forfattarane av «Namnesamlingar av Ivar Aasen» (Bondevik et al. 2006) skriv i føreordet til boka at Ivar Aasen alt frå den første ungdomen hadde samla og registrert planter. Men plantenamna kom han for alvor i gang med i slutten av 1850-åra, då «Norske Plantenavne» vart til. I boka har dei m.a. prenta heile lista frå Norske Plantenavne som først sto på trykk i Budstikkjen (Aasen 1860).

Stephen J. Walton skriv i det svært informative avsnittet «Botanikken» i boka «Ivar Aasens kropp» (Walton 1996) òg om lagnaden til herbariet etter Bergens-turen (Walton 1996:293ff).

Sekretær Schwach ved Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNSV) i Trondheim vende seg til Aasen med bøn om å deponere herbariet i natursamlinga til selskapet. Dette gjorde Aasen i juli 1842, visstnok med glede, skriv Walton. Med stønad frå DKNSV byrja professor Mathias Numsen Blytt (1789–1862), styrar ved Botanisk Hage ved Universitetet i Oslo, i 1830-åra arbeidet med å få gjeve ut eit floraverk for Noreg. Den 15. mai 1848 fekk Aasen tilsendt herbariet frå Schwach, og gav det vidare til Blytt i Christiania. Blytt var komen til



Figur 5. Ark frå Ivar Aasens vakre herbarium. 198: molte, 199: jordbær og 200: gåsemure. 201: sølvmore, der Aasen skriv: «Har jeg een eneste gang fundet i Hatlevigen (i Skodje Sogn), hvor den var nesten afblomstret». Axel Blytt nemner funnet i «Norges Flora» (1876: 923). Foto: TU 2012.

This page is an good example of the aesthetics of Aasen's herbarium. 198: Rubus Chamaemorus (cloudberry), 199: Fragaria vesca (strawberry), 200: Potentilla anserina, and 201: Potentilla argentea.

Aasen «med Bøn og Beden» om å få samlinga. Han hadde uttala seg «meget fordelagtigt om (herbariet si) Indretning», utan at dette gjorde særsiktig inntrykk på Aasen. Han skrev samtidig til Maarts Aarlot «at han ikkje hadde tid til å studere meir på slikt.» (Walton 1996: 297).

M. N. Blytt rakk berre å få gjeve ut første bindet av «Norges Flora» (1861) før han døydde i 1862. Det vart sonen Axel Blytt som «med bistand af prof M. N. Blytts etterladte optegnelser og samlinger»



Figur 6. Lav var vanskleg for Aasen, då Hornemanns (1796) «Plantelære» og Strøms (1762, 1769) «Søndmørs Beskrivelse» gav lite hjelp med lavartane. Etter som ára har gått, har namna litt etter litt kome til. 488: piggskjegg, 489: skrubbenever, 490 og 492: grynvrente, 491: papirlav, 493: syllav, 494: etasjebeger, 495: groptagg, 496: grå fargelav, 497: brun fargelav og 498: korkje. Foto: TU 2012.

Literature on lichens was little available to Aasen, the names have been added later by botanists during the 19th and 20th centuries, and some names have recently been added during the 21st century. 488: Alectoria chalybeiformis, 489: Lobaria scrobiculata, 490 and 492: Nephroma parile, 491: Platismatia glauca, 493: Cladonia gracilis var. gracilis, 494: Cladonia cervicornis, 495: Cornicularia aculeata, 496: Parmelia saxatilis, 497: Parmelia omphalodes, and 498: Ochroleria inaequatula.

fullførte dei to siste binda, i 1874 og 1876. Flora-verket omtalar grundig utbreiinga av «Vildtvoxende karplanter», og planter frå Aasens herbarium er stadig nemnde (figur 5).

Då Axel Blytt var ferdig med Norges Flora I–III,



Figur 7. 68: skarmarkåpe, 69: vinmarkåpe, 70: fjellmarkåpe (Aasen hadde lagt merke til at der var flere variantar av markåpe og nemner det), 71: tjørnaks. Foto: TU 2012.

68: *Alchemilla wichurae*, 69: *Alchemilla filicaulis* subsp. *vestita*.
Aasen was aware that there are several different types of *Alchemilla*. 70: *Alchemilla alpina*, 71 *Potamogeton natans*.

kom herbariet i retur til Ivar Aasen, men han sende det ikkje attende til Trondheim. Etter at Ivar Aasen døydde i 1896 kom såleis herbariet saman med andre eignelutar etter han til Aasenstova i Ørsta. Frå 1946 var herbariet oppbevart i det då nye Aasen-museet. Frå 1978 vart to-tre av plantearka frå herbariet utstilte i museet, og frå juni 2000 er herbariet både oppbevart og utstilt i det nye Ivar Aasen-tunet (figur 4).

Johannes Lid om Ivar Aasen-herbariet

I 1940 arbeidde botanikarar ved Botanisk museum i Oslo med Aasen-herbariet. Professor Bernt Lynge



Figur 8. Her har Aasen festa 298 «Tussilago Farfara. Almindelig Hestehov» til eit laust ark. Vårplanta, det store hestehovbladet er festa til eit samleark saman med andre planter i same «Linnaeiske klasse». Det var orden i «sysakene» må vite! Foto: TU 2012.

Aasen pasted 298 *Tussilago farfara*, the vernal shoot, on a separate sheet, while the large summer leaf is pasted to another sheet together with other species in the same Linnaean class.

gjekk gjennom lav-artane og Per Størmer granska mosane. Konservator Johannes Lid (1886–1971) ved Botanisk museum, Universitetet i Oslo, presenterte i 1940 avhandlinga: Ivar Aasens herbarium. Særtrykk av Nytt Magasin for Naturvitenskapene. B. 81. Dette var ei liste over «alle» plantene i Ivar Aasens herbarium, dvs alle artane fagfolk då kunne

skilje frå kvarandre. Lista som Lid presenterte hadde ikkje med norske offisielle plantenamn. Etter som tida gjekk har namnelandskapet endra seg, ein skil mellom fleire planter, fleire planter har fått nye namn, det gjeld både vitskaplege namn og norske namn. Ivar Aasens herbarium er ei plantesamling som interesserer mange, og etterkvert har det såleis vorte behov for ei oppdatert liste med både vitskaplege og dagens norske plantenamn (her i meiningsa samsvarande med Lid & Lid 2005). Det er ei slik liste som vert presentert i tabell 1. I avhandlinga takkar konservator Johannes Lid også fleire andre for hjelpe dei har gjeve og skriv ei omfattande liste med vitskaplege latinske plantenamn på dei alle fleste plantene i herbariet. Men lista hjå Lid omfatta ikkje dei tilsvarende offisielle norske plantenamna. Avhandlinga Lid skreiv om Aasenherbariet vart prenta i Nytt Magasin for Naturvidenskapene B.81 i 1941 s. 57–80. Avhandlinga kom òg ut som særtrykk i 1940, men ho har no vore utseld i årevis.

Når me har skipa til plantedagar og villblomedagar i Aasen-tunet, har det vore tradisjon å halde dei lokale plantenamna i hevd slik Aasen viste veg med herbariet sitt. Då har det ofte vore spørsmål om det finst skrifter om Ivar Aasen-herbariet. Dette er ei av årsakene til at det no vert skrive ein herbarie-historikk og ei mest mogeleg fullständig og oppdatert alfabetisk planteliste med norske og latinske namn over Aasen-herbariet.

«Skolebotanikken har gjort ubotelig mye skade»

I 1976 fekk professor Rolf Nordhagen (1894–1979) sendt herbariet til Botanisk Museum, der han gjekk gjennom plantesamlinga og kommenterte namnelista i høve til dei offisielle namnelistene på 1970-talet. Nordhagen sende herbariet attende til Ivar Aasen-museet i 1977 med ei tilråding om at ein namngjeven ung botanikkinteressert lærar i heimegrenda til Ivar Aasen kunne ta seg av arbeidet med å feste nokre planter som hadde losna frå herbariet. Læraren var forfattaren av denne artikkelen som i åra 1967–73 hadde vore sommarassistent og sjåfør for Rolf Nordhagen under kartlegginga hans av kyst- og fjordvegetasjonen i Nordfjord, på Sunnmøre og i Romsdal.

Professor Nordhagen hadde lese sin Ivar Aasen og hadde lokale plantenamn og opphavet til slike som eitt av dei mange interessante forskingsfelta sine. Det var Nordhagen som lærde meg at bregnene på Sunnmøre etter gammalt vart kalla «blom» (figur 3). Då eg i 1977 fekk Ivar Aasens

herbarium i hende, kunne eg med eigne augo sjå at Aasen nemner «Blom» som lokalt namn på fleire bregneartar, jf. ormetelg og fugletelg i plantelista (tabell 1).

Som lærar i naturfag oppdaga eg snøgt at det var nyttig å lære elevane dei lokale plantenamna. Lokalnamna hjelpte borna til å få kontakt med både besteforeldre og tanter som visste vel kvar det vaks «trøskje», men var mindre kjende med «krypsoleie» som elevane skulle finne til herbariet sitt.

Ei anna sak er at dei lokale plantenamna forklarar mange stadnamn. På Sørheim i Ørsta finst namnet Blombrekka, i Skorgedalen heiter det Blomstøly og det finst mange stadnamn med «Blom». Alle desse stader viser namna til ein rik bregnevegetasjon. Ei rekke stadnamn i Ørsta krev kunnskap om lokale plantenamn for å kunne tydast. «Skolebotanikken har gjort ubotelig mye skade», sukkja professor Nordhagen når me drøfta verdien av å ta vare på dei lokale plantenamna. Men Ivar Aasen hadde skjønt dette!

Purpurlyng frå Herøy!

Gjennom dei herlege botaniseringssomrane med professor Rolf Nordhagen fekk eg ei klar forståing av at han hadde både positive og negative kjensler overfor enkelte planter. Når eg ba om hjelp til å bestemme hybridar av vier-arter, ba han meg venleg om «ikke å spørre», men derimot vart han aldri ferdig med å vere begeistra for purpurlyngen *Erica cinerea*. Han ynskte nok å strekke nordgrensa, slik eg oppfatta han. Det undrar meg då å sjå at endåtil Ivar Aasen var så oppteken av denne vakre kystlyngen at han har teke han med i herbariet sjølv om han fann lyngen i Herøy. Visste Aasen at purpurlyngen hadde nordgrense i Herøy i MR? Neppe. Elles er alle plantene i herbariet frå Skodje og Ørskog, ingen frå heimegrenda i Ørsta.

Nordhagen senior «raderer» Aasen

Kunstgrafiker Johan Nordhagen (1856–1956), far til botanikaren Rolf Nordhagen, møtte Ivar Aasen 4. januar 1888 og fekk løyve til å «radere» han. Resultatet vart eit kjent bilete, der Aasen held ei lupe (figur 2). Aasen hadde i årevis sagt nei til å verte avbilda, men hadde no i sitt 75. år gitt etter for Nordhagen. Professor Nordhagen var ikkje lite stolt av at faren si Aasen-radering. Då Rolf Nordhagen botaniserte i Volda i juli 1970, vitja han samtidig Ivar Aasen-museet i håp om å få sjå herbariet også. Men dei som viste professoren rundt, våga ikkje å

opne herbariet, for det hadde konservatorane i Oslo «gassa» med naftalin og bestemt at det skulle ikkje luftast unødig. Nordhagen som nærmest kjende seg som ein slekting av Aasen med det faren hadde laga den kjende raderinga, vart vonbroten over ikkje å få sjå herbariet. Han vende seg seinare til meg med førespurnad om han på nokon måte kunne få «låne» herbariet til Botanisk Museum for gjenomsyn. Museumsstyrar Jens Kåre Engeset (1930–2013) var klok nok til å imøtekome dette ynskje slik at professoren kunne få studere Aasenherbariet eit halvår i fred og ro.

I høve Ivar Aasen-året 1996 var herbariet på nytt ein tur innom Botanisk museum i Oslo, og professor Reidar Elven studerte det og heldt foredrag om det som ein del av Aasen-feiringa.

Herbariet ein stor attraksjon

Når det 5. august i år er 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd, er det òg god grunn til å feire herbariet som om eit års tid er 175 år. Aasen la som me har sett, arbeidet med herbariet til side slik at han kunne

samle seg om språkforskinga, men han heldt fram å diktet om «Den gule Blomen i den Grøne Feld» (Sumardagen). Heller ingen tvil, blomekjennaren Aasen fryda seg kvar vår «Naar Liderna grønka som hagar, naar det laver av Blomar paa Straa», slik poeten skriv i siste strofa i «Nordmannen» (Aasen 1911). Det er på den tid me árvissat møtest til villblomedagen i Aasen-tunet. Herbariet til Ivar Aasen er då ein av dei store attraksjonane.

Litteratur

- Blytt, A. 1876. Norges Flora eller Beskrivelse af de i Norge Vildvoxende Karplanter tilgjengelig angivelse af deres utbredelse. Tredje del. Trykt hos A. V. Brøgger. Christiania.
Blytt, A. Dahl, O. red. 1905. Haandbog i Norges Flora af Axel Blytt. Efter forfatterens død afsluttet og udgivet ved Ove Dahl. J. W. Cappelens Forlag. Oslo.
Bondevik, J., Nes, O. og Aarset, T. red. 2006. Namnesamligar av Ivar Aasen. Norsk bokreidingslag L/L. Bergen.
Djupedal, R. 1957-60. Ivar Aasen Brev og Dagbøker I-III Det Norske Samlaget. Oslo.
Frisvoll, A.A., Elvebakke, A., Flatberg, K.I. & Økland, R.H. 1995. Sjekkliste over norske mosar. Vitskapleg og norsk namneverk. NINA Temahefte 4: 1-104.

Tabell 1. Namneliste over Ivar Aasen-herbariet med grunnlag i Lid si avhandling (1940) og oppdatert i høve til namnebasen i Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no>), Norsk Flora (Lid & Lid 2005, nynorske karplantenamn) og Sjekkliste over norske mosar (Frisvoll et al. 1995, nynorske mosenamn).

List of names in Ivar Aasen's herbarium based on Lid (1940), updated to conform with the Nomenclature data base by Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no>), Lid & Lid (2005), and Frisvoll et al. (1995).

Norske plantenamn etter kjeldene ovafor i alfabetisk liste	Moderne vitskaplege plantenamn	Lokale plantenamn i Aasen-herbariet og kommentarar	«Løbenummer» i Aasen-herbariet
aksfrytle	<i>Luzula spicata</i>		128
(alge, ferskvassalge)	<i>Crocolepus aurens</i>		508
alm	<i>Ulmus glabra</i>		92
arve, vanleg	<i>Cerastium fontanum subsp. <i>vulgare</i></i>		186
bakkefrynse	<i>Ptilidium ciliare</i>		448
bakkestjerne	<i>Erigeron acer</i>		296
bakkesøte, vanleg	<i>Gentianella campestris subsp. <i>campestris</i></i>		93
barkragg	<i>Ramalina farinacea</i>		455
barlind	<i>Taxus baccata</i>	barlind	377
bekkerundmose	<i>Rhizomnium punctatum</i>		444
bekkestjerneblom	<i>Stellaria alsine</i>		175
bekkevrangmose	<i>Bryum pseudotriquetrum</i>		433
bergfrue	<i>Saxifraga cotyledon</i>		166
berggråmose	<i>Racomitrium heterostichum</i>		410/412a
bergørkevin	<i>Calamagrostis epigejos</i>		26/27
bergsigd	<i>Dicranum fuscescens</i>		416
bergskortemose	<i>Cynodontium polycarpom</i>		420
bergskrinneblom	<i>Arabis hirsuta</i>		247
bergsvineblom	<i>Senecio sylvaticus</i>		300
bikkjenever	<i>Peltigera canina</i>	alnævr	459

- Grøvik, I. 1981. «På norske vinger» nr 5 s.15-16. (Eit blad for flypas-sasjerar, utgjeve av flyselskapet Braathens SAFE).
- Holien, H. og Tønsberg T. 2006. Norsk lavflora. Tapir Akademisk forlag. Trondheim.
- Hornemann, J.W. 1796 (og senere utgaver). Forsøg til en Dansk oekonomisk Plantelære. Et Priisskrift. C.L. Buchs Forlag. Kbh. 730 s.
- Høeg, O.A. 1975. Planter og Tradisjon. Floraen i levende tale og tradisjon i Norge 1925-1973. Universitetsforlaget. Oslo-Bergen-Tromsø.
- Jørgensen, P. M red 2007. Botanikkens historie i Norge. Fagbokforlaget Vigmostad & Børke AS. Bergen.
- Lid J.1940. Ivar Aasens herbarium. Særtrykk av Nytt Magasin for Naturvidenskapene B.81, Oslo.
- Lid, J. & Lid, D.T. 2005. Norsk flora. 7. utgåva, red. Reidar Elven. Det norske Samlaget.
- Lye, K.A.1974. Moseflora. Universitetsforlaget. Oslo-Bergen-Tromsø.
- Strøm, H. 1762, 1769. Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør beliggende i Bergen Stift i Norge. 1 Part: 370+2 s., 2 Part: 509+2 s. Sorø.
- Urke, T. 1996. Ivar Aasen. For han gav oss ein arv til å bruka. Undervisningsstoff om Ivar Aasen, nynorsk språk og nynorsk diktning. Landssamanslutninga av nynorskkommunar.
- Walton, S.J. 1996. Ivar Aasens kropp. 798 s. Det Norske Samlaget.
- Øye, A. 1981. Stadnamn i Ørsta. Utgjeve av Ørsta Mållag. Ørsta.
- Aasen, I. 1839. Herbarium af vildt voxende Planter. Solnor.
- Aasen, I. 1860. Norske Plantenavne. Budstikken 2:9-37.
- Aasen, I. 1911. Skrifter i samling. Trykt og Utrykt I. Gyldendalske Boghandel. Nordisk Forlag.

Tabell 1 (framhald).

Norske plantenamn etter kjeldene ovafor i alfabetisk liste	Moderne vitskaplege plantenamn	Lokale plantenamn i Aasen-herbariet og kommentarar	«Løbenummer» i Aasen-herbariet
bitterbergknapp	<i>Sedum acre</i>		179
bjørk, vanleg	<i>Betula pubescens</i>		355
bjørnebroodd	<i>Tofieldia pusilla</i>		136
bjørnekam	<i>Blechnum spicant</i>	vallsaks	395
bjørneskjegg	<i>Trichophorum cespitosum</i>	bjønna-kamb	16
bladsvæve (gruppa)	<i>Hieracium sect. Foliosa</i>	bostegras, vindskjegg	278b
blankmøkkmose	<i>Splachnum sphaericum</i>		430/435
blanksigd (mose)	<i>Dicranum majus</i>		417
bleikstorr	<i>Carex pallescens</i>		338
bleikvær	<i>Salix hastata</i>		360
blodlav, vanleg	<i>Mycoblastus sanguinarius</i>		502
blokkebær (skinntyte)	<i>Vaccinium uliginosum</i>	blokkbær	146
blomsterlav	<i>Cladonia bellidiflora</i>		480
blåbringebær	<i>Rubus caesius</i>	blaabringebær	196
blåbær	<i>Vaccinium myrtillus</i>	blaabær	145
blåklokke	<i>Campanula rotundifolia</i> subsp. <i>rotundifolia</i>	klokke, blaaklokke, blaabjælle	81
blåknapp	<i>Succisa pratensis</i>	blaakoll	58
blåkoll	<i>Prunella vulgaris</i>		229
blålyng	<i>Phyllodoce caerulea</i>		151
blårapp	<i>Poa glauca</i>		41/42
blåtopp	<i>Molinia caerulea</i>		36
bokestorr	<i>Carex maritima</i>		326
botnegras	<i>Lobelia dortmanna</i>	botna-gras	83
brearve	<i>Cerastium cerastoides</i>		176
bringebær	<i>Rubus idaeus</i>	brogn, brognebær, bringebær	195
brudspore, vanleg	<i>Gymnadenia conopsea</i> subsp. <i>conopsea</i>		312
brun fargelav	<i>Parmelia omphalodes</i>		497
brun koralllav	<i>Sphaerophorus globosus</i>		479
brunmyrk	<i>Rhynchospora fusca</i>		14
brunrot	<i>Scrophularia nodosa</i>		237
bråtestorr	<i>Carex pilulifera</i>		337
bukkeblad	<i>Menyanthes trifoliata</i>	trefole (geitaklau, iglegras)	77
burot	<i>Artemisia vulgaris</i>	bugras, burot	291
busthype	<i>Rosa mollis</i>	klungr, söt-jupe, hummelsjupe,	193

Tabell 1 (framhald).

Norske plantenamn etter kjeldene ovafor i alfabetisk liste	Moderne vitskaplege plantenamn	Lokale plantenamn i Aasen-herbariet og kommentarar	«Løbenummer» i Aasen-herbariet
buttgråmose	<i>Racomitrium aciculare</i>		413a
byhøymole	<i>Rumex obtusifolius</i>		133
dikeminneblom	<i>Myosotis laxa</i> subsp. <i>caespitosa</i>		73
dikesvineblom	<i>Senecio aquaticus</i>		301
dronningmose	<i>Hookeria lucens</i>		445
duskull, vanleg	<i>Eriophorum angustifolium</i>		18
dvergbjørk	<i>Betula nana</i>	bjørke-pors, kjørr	356
dverggråurt	<i>Omalotheca supina</i>		295
dvergjamne	<i>Selaginella selaginoides</i>		385
dystorr	<i>Carex limosa</i>		345
einer	<i>Juniperus communis</i>	eine	376
einstape	<i>Pteridium aquilinum</i>	einestabb, einstab-blom	396
elghornslav	<i>Pseudovernia furfuracea</i>		469
elvesnelle	<i>Equisetum fluviatile</i>		380
engfiol?	<i>Viola canina</i> ?	usikker artsfastsetjing	85
engfrytle	<i>Luzula multiflora</i> subsp. <i>multiflora</i>		129
enghumleblom	<i>Geum rivale</i>		204/205
engkarse	<i>Cardamine pratensis</i>		244
engkvein	<i>Agrostis capillaris</i>	engjagrás	25
englodnegras	<i>Holcus lanatus</i>		32
engmarihand, vanleg	<i>Dactylorhiza incarnata</i> subsp. <i>incarnata</i>	(Nordhagen 1976)	310
engrapp, vanleg	<i>Poa pratensis</i> subsp. <i>pratensis</i>	tørling	39
engsmelle	<i>Silene vulgaris</i>	smellegrás	169
engsoleie	<i>Ranunculus acris</i> subsp. <i>acris</i>	gulesoleie, beiskesoleie, gallsoleie	217
engstorr	<i>Carex hostiana</i>		341
engsvingel	<i>Schedonorus pratensis</i>		48/49
engsyre	<i>Rumex acetosa</i> subsp. <i>acetosa</i>	suregras, syre,	134
etasjebeger	<i>Cladonia cervicornis</i>		494
etasjemose	<i>Hylocomium splendens</i>		403
fagerperikum	<i>Hypericum pulchrum</i>		265
finnskjegg	<i>Nardus stricta</i>	vindskjægg, finnskjægg	19
firblad	<i>Paris quadrifolia</i>		158
firkantperikum	<i>Hypericum maculatum</i>	pirkum	264
firtannmose	<i>Tetraphis pellucida</i>		436
fjellbakkestjerne	<i>Erigeron borealis</i>		297
fjellbinnemose	<i>Polytrichastrum alpinum</i>	M.N.Blytt: alpinum	400
fjellfrøstjerne	<i>Thalictrum alpinum</i>		210
fjelljamne	<i>Diphasiastrum alpinum</i>		384
fjellmarikåpe	<i>Alchemilla alpina</i>		70
fjellsnelle	<i>Silene acaulis</i>		172
fjellsmyle	<i>Avenella flexuosa</i> var. <i>montana</i>		30
fjellsvæve (gruppa)	<i>Hieracium</i> sect. <i>Alpina</i>		279/280
fjellsyre	<i>Oxyria digyna</i>		159
fjelltimotei	<i>Phleum alpinum</i>		22
fjellveronika, vanleg	<i>Veronica alpina</i> subsp. <i>alpina</i>		2
fjordblomstermose	<i>Schistidium maritimum</i> subsp. <i>piliferum</i>		425
fjørekoll, vanleg	<i>Armeria maritima</i> subsp. <i>maritima</i>		108
fjøremose	<i>Hennediella heimii</i>		402
fjøresaulauk	<i>Triglochin maritima</i>		139
fjørestorr	<i>Carex salina</i>		334
flaskestorr	<i>Carex rostrata</i>	skjæne, blaasæv	349
flakkmarihand	<i>Dactylorhiza maculata</i>	maigras, ormegras, hugvendelse, flekkete-gras	311

Tabell 1 (framhald).

Norske plantenamn etter kjeldene ovafor i alfabetisk liste	Moderne vitskaplege plantenamn	Lokale plantenamn i Aasen-herbariet og kommentarar	«Løbenummer» i Aasen-herbariet
flotgras-småpiggknopp-hybrid	<i>Sparganium angustifolium x minimum</i>	(Nordhagen 1976)	322
fokklav, vanleg	<i>Ophioparma ventosa</i>		500
fôrvikke	<i>Vicia sativa</i> subsp. <i>sativa</i>		259
fugletelg	<i>Gymnocarpium dryopteris</i>	fugleblom	392
fuglevikke	<i>Vicia cracca</i>		258
furu, vanleg	<i>Pinus sylvestris</i>	furu, furre	358
furumose	<i>Pleurozium schreberi</i>		405
furuskjegg (lav)	<i>Bryoria fremontii</i>		453
furutorvmose	<i>Sphagnum capillifolium</i>	væggjemose, raudemose, kvitemose	398
følblom, vanleg	<i>Scorzoneroïdes autumnalis</i> subsp. <i>autumnalis</i>		270/271
gaffellav	<i>Cladonia furcata</i>		481
gauksyre	<i>Oxalis acetosella</i>		182
geitrams	<i>Chamerion angustifolium</i>	geiske, mjæltegras, smørbukk, geitaføik	141
geitsvingel	<i>Festuca vivipara</i>		46
gjeldkarve	<i>Pimpinella saxifraga</i>		102/103
gjerdvikke	<i>Vicia sepium</i>		260
jetartaske	<i>Capsella bursa-pastoris</i>		240
glatt navlelav	<i>Umbilicaria polyphylla</i>		471
grannsvæve	<i>Hieracium auriculinum</i>	svæve	273
grasstjerneblom	<i>Stellaria graminea</i>		174
greplyn	<i>Kalmia procumbens</i>		79
groblad	<i>Plantago major</i>	lækjingsblad, grorablad grorablokke	64
groptagg	<i>Cetraria aculeata</i>		495
grovstry	<i>Usnea barbata</i>	Furrelav, kraakestry, kraakeliin	452
grovstry	<i>Usnea barbata</i>	bjørkekjægg	454
grynrødbeger	<i>Cladonia coccifera</i>		475
grynrvenge	<i>Nephroma parile</i>		490/492
grøftesoleie	<i>Ranunculus flammula</i>		212
grønkurle	<i>Coeloglossum viride</i>		313
grå fargelav	<i>Parmelia saxatilis</i>		496/465/465/466/-467
grær	<i>Alnus incana</i>	aare, graa aare, kvitaare	351
gråstorr	<i>Carex canescens</i>		329
gul frøstjerne	<i>Thalictrum flavum</i>		211
gulaks	<i>Anthoxanthum odoratum</i>		9
guldå	<i>Galeopsis speciosa</i>	rajestraa d.e. det ravende straa	224
gulldusk	<i>Lysimachia thyrsiflora</i>	dæ, aakrepipe	78
gullhette/snutegullhette	<i>Ulota drummondii</i> (?)		411/412b
gullkrage	<i>Glebionis segetum</i>		305
gullris	<i>Solidago virgaurea</i>		303
gulsildre	<i>Saxifraga aizoides</i>		168
gulskinn	<i>Flavocetraria nivalis</i>		456
gulskolm	<i>Lathyrus pratensis</i>		256
gulstorr	<i>Carex flava</i>		339/340
gåsemure	<i>Potentilla anserina</i>		200
hagtorn	<i>Crataegus monogyna</i> subsp. <i>nordica</i>		190
hanekam	<i>Lychnis flos-cuculi</i>	raudesoleie, silkjevisp	184
haremat	<i>Lapsana communis</i>		282
harerug	<i>Bistorta vivipara</i>	manna, mannagräs, perlegräs	155
harestorr	<i>Carex leporina</i>		328
hassel	<i>Corylus avellana</i>		357
havstorr	<i>Carex paleacea</i>		336
hegg	<i>Prunus padus</i>	hægg	188

Tabell 1 (framhald).

Norske plantenamn etter kjeldene ovafor i alfabetisk liste	Moderne vitskaplege plantenamn	Lokale plantenamn i Aasen-herbariet og kommentarar	«Løbenummer» i Aasen-herbariet
heigråmose	<i>Racomitrium lanuginosum</i>		409
heisiv	<i>Juncus squarrosus</i>	bustegras, lopurke, staurgras	121
heistorr	<i>Carex binervis</i>		342
hengjeaks	<i>Melica nutans</i>		35
hengjebjørk, vanleg	<i>Betula pendula</i> subsp. <i>pendula</i>		355b
hengjeveng	<i>Phegopteris connectilis</i>		390
hestehavre	<i>Arrhenatherum elatius</i>	hævre-gras	31
hestehov	<i>Tussilago farfara</i>	hestehov	298
hestespreg	<i>Cryptogramma crispa</i>		397
hundegras	<i>Dactylis glomerata</i>		45
hundekjeks	<i>Anthriscus sylvestris</i>	hundeslengje	100
høgfjellsarse	<i>Cardamine bellidifolia</i>		243
hønsegras, vanleg	<i>Persicaria maculosa</i> subsp. <i>maculosa</i>	hønsegras	153
høymole, vanleg	<i>Rumex longifolius</i>		132
hårfrystle	<i>Luzula pilosa</i>		130
hårstorr, vanleg	<i>Carex capillaris</i> subsp. <i>capillaris</i>		344
hårsvæve	<i>Hieracium pilosella</i>		272
islandslav	<i>Cetraria islandica</i>		457
issoleie	<i>Ranunculus glacialis</i>		215
jonsokkoll	<i>Ajuga pyramidalis</i>	jonsok-koll	219
jordnøtt	<i>Conopodium majus</i>		95
jordrøyk	<i>Fumaria officinalis</i>		253
junkerbregne	<i>Polystichum braunii</i>		388b
kantlav(gruppa)	<i>Lecanora subfuscata</i>	Berre 2-3 nordmenn kan skilje artane i denne gruppa, skriv K. A. Lye.	503/504
karve	<i>Carum carvi</i>	karvi	101
kattefot	<i>Antennaria dioica</i>		292
kjeldeurt	<i>Montia fontana</i>		57
kjertelaugnetrøst	<i>Euphrasia stricta</i> subsp. <i>stricta</i>		232
kjøllevemose	<i>Fontinalis antipyretica</i>		438
kjørvel, spansk	<i>Myrrhis odorata</i>		99
klengejemaure	<i>Galium aparine</i>	tinnar, tene	63
klinte	<i>Agrostemma githago</i>		183
klippepulverlav	<i>Chrysothrix chlorina</i>		507
klokkelingyng	<i>Erica tetralix</i>	mosalyng	150
knappvis	<i>Juncus conglomeratus</i>	sæv, vekjesæv	118
knegras	<i>Danthonia decumbens</i>		44
knereverumpe	<i>Alopecurus geniculatus</i>		23
knærøt	<i>Goodyera repens</i>	musarumpe	315
knippegråmose	<i>Racomitrium fasciculare</i>		413/414
knollerteknapp	<i>Lathyrus linifolius</i>		255
kongslys, mørk	<i>Verbascum nigrum</i>	kongegras, (gulrokk, lungesottrot)	87
korallrot	<i>Corallorhiza trifida</i>		316
korkje (lav)	<i>Ochroleucia inaequatula</i>	korkje	498
kornblom	<i>Centaurea cyanus</i>		308
kornstorr	<i>Carex panicea</i>	blaagras	347
kranskonvall	<i>Polygonatum verticillatum</i>		116
kransmynte	<i>Clinopodium vulgare</i>		227
kratthumleblom	<i>Geum urbanum</i>		203
krattlodnegras	<i>Holcus mollis</i>	lin-rør, (linn-rør)	33/34
krattnmjølke	<i>Epilobium montanum</i>		142
krekling	<i>Empetrum nigrum</i>	krækjebær,	372
krossved	<i>Viburnum opulus</i>	beinved, skoghyll	105

Tabell 1 (framhald).

Norske plantenamn etter kjeldene ovafor i alfabetisk liste	Moderne vitskaplege plantenamn	Lokale plantenamn i Aasen-herbariet og kommentarar	«Løbenummer» i Aasen-herbariet
krusetistel	<i>Carduus crispus</i> subsp. <i>multiflorus</i>	tistel, aakeristemel	286
krusfagermose	<i>Plagiognathus undulatus</i>		442
kruslav, vanleg	<i>Tuckermanopsis chlorophylla</i>		464
krusskortemose	<i>Cynodontium fallax</i>		422/423/424
krypsiv, vanleg	<i>Juncus bulbosus</i> subsp. <i>bulbosus</i>		123/124
krypsoleie	<i>Ranunculus repens</i>	trøske	216
kuleseptere?	<i>Mannia pilosa</i> ?	Kollekten må studerast på nytt (K.A.Lye)	426
kusymre	<i>Primula vulgaris</i>	ku-simbr	76
kvann	<i>Angelica archangelica</i>	kvanne, kvann-jol	97
kvassdå	<i>Galeopsis tetrahit</i>		222/223
kveke	<i>Elytrigia repens</i>		55
kvistlav, vanleg	<i>Hypogymnia physodes</i>		468
kvit nøkkerose	<i>Nymphaea alba</i>	vasgras, akkoleie, akkeleie	208
kvitbladtistel	<i>Cirsium heterophyllum</i>	kviteblad, olieblad	289
kviteblik, fargelav		M.N.Blytt: parmelia, Lyng: ikkje parmelia	499
kvitkløver	<i>Trifolium repens</i>	kvitekoll, kløver	261
Dwarf eelgrass *Zostera noltei* Hornem. was first discovered in Norway in 1895, and new finds were recorded during the 20th century. In total, 23 localities are known, although no more than 13 of these are known to be extant today, while 10 are known to be, or probably are, extinct. The species became red listed in Norway in 1998, and at present it is considered to be endangered (EN). A national action plan to secure the remaining populations was published by the Directorate for Nature Management in 2010. The species is thermophilous and the distribution in Norway is restricted to SW and SE parts of the country. In Norway, it has its optimum in the intertidal zone, on sediments with sand and/or clay. Dispersal is mostly vegetative, by monopodial, horizontal growth of the rhizome or by fragmentation. Seed production is common and numerous, but seeds appear to be annual, and non-germinated seeds rapidly decay. The seed bank is in other words not very undurable. Seagrass meadows with *Zostera noltei* offer a number of ecological services. As other types of seagrass meadows they play an important role in coastal protection, they are capable of absorbing considerable amounts of surplus ammonia and other nutrients, they have the capacity to trap suspended particles, and they function as nurseries for a number of marine organisms. *Zostera noltei* interacts with a number of other marine species, both plants and animals alike. The growth of the rhizome is strictly horizontal and the species is susceptible to sedimentation. Dense populations of the lugworm *Arenicola marina* may hamper recovery of *Zostera noltei* meadows. Land-use changes are the most important threats to the species, as well as eutrophication and gradual expansion of mud in the top layer of sediments. Less than 50 % of the known occurrences of *Zostera noltei* in Norway are found within nature conservation areas. The recent national Nature Diversity Act and the Planning and Building Act introduced new tools for the management of species and nature outside nature conservation areas, such as selected nature types and priority species. The planning of future land-use has to take *Zostera noltei* and other red listed species into consideration, and special consideration zones have to be identified in all municipality land-use plans. If these new tools are used according to their intention, then it might be possible to prevent further extinction of remaining *Zostera noltei* meadows in Norway.

Anders Lundberg, Institutt for geografi, Universitetet i Bergen, Fosswinckelsgt. 6, 5007 Bergen. anders.lundberg@geog.uib.no

Dvergålegras *Zostera noltei* Hornem. lever i sjøen og har hovudutbreiinga si i fjørevelkslingssona. Det er ein art som har heile livssyklusen knytt til vatn: frøspiring, vekst, blomstring, pollinering, fruktsetting og spreiling. Arten er liten, langt mindre enn sin slekting ålegras *Z. marina*, som har ei langt vidare utbreiing og som er langt meir kjent enn dvergålegras. Det miljøet dvergålegras veks i, grunne salt- og brakkvasstrender på finsand og leirhaldig grunn, er ikkje mellom dei mest besøkte og utforska naturmiljøa, og det er nok medverkande til at dvergålegras ikkje er mellom dei mest kjente plantene i norsk flora. Arten lever sitt eige, avgjørte tilverke utan alfor mykje merksemd.

Dei første systematiske observasjonane av arten dvergålegras blei gjort av Cavolini i 1792, då

omtalt som *Phucagrostis minor* Cavolini. Arten blei første gong formelt skildra av Hornemann i 1832, som *Zostera noltii*. Etter det blei han kommentert av Duval-Jouve i 1873, og av de Lanessan i 1875 (Loques, Caye & Meinesz 1988). Seinare blei han plassert under slekta *Zosterella*. Tomlinson & Polozluzny (2001) foreslo å splitte ålegrasslekta opp, slik at dvergålegras blei kalla *Nanozostera noltii*. Mange meiner i dag at det er fornuftig å halde slekta saman, som i siste utgåve av Norsk flora (Lid & Lid 2004) der arten er omtalt som *Zostera noltei*.

Dvergålegras er ein sørleg, varmekjær art som i Europa er utbreidd frå Middelhavet til Sør-Noreg. Førekommstane i Noreg er dei nordlegaste i verda. Første funn i Noreg blei gjort av Axel Blytt på Brønnøya i Asker i 1895 (Blytt 1906). I 1920-åra



Figur 1. Den globale utbreiinga av dvergålegras *Zostera noltei*. Etter Hultén & Fries (1986).

The global distribution of Zostera noltei.

blei han oppdaga i Sunnhordland og i Hardanger, og i 1997 blei han funnen i Rogaland. I Noreg blei arten raudlista i 1998, og då vurdert som sårbar, V (Direktoratet for naturforvaltning 1999). Ved revisjonen av den norske raudlistan i 2010 blei raudlistevurderinga endra til sterkt trua, EN (Kålås et al. 2010). I denne artikkelen skal me ta for oss arten sin status i Noreg i dag.

Utbreiling

Globalt er dvergålegras utbreidd i Europa og Asia (figur 1). I Europa har dvergålegras ei vid utbreiing. Hovudutbreiinga er i Sør-Europa frå Middelhavet og nordover langs vestkysten av Portugal, Frankrike og Nederland. Han finst også i Storbritannia, og langs den tyske nordkysten, der arten blir rekna som svært sjeldsynt. Han er ikkje kjent frå lenger inn i Austersjøen, noko som kan henge saman med at vatnet her er for lite salt. Arten krev ikkje salt, men toler låge konsentrasjonar, og i heilt ferskt vatn blir han konkurrert ut av artar som er betre tilpassa ferskvatn. Han finst også i Danmark og langs den svenske vestkysten (Bohuslän og Halland). Aust for Middelhavet finst han i Svartehavet, Kaspihavet og Aralsjøen. Totalutbreiinga i Europa fortel at dvergålegras er ein sørleg, termofil art. I Noreg er han knytt til den sørlege delen av kysten. Den nordlegaste førekomensten i verda er i Strandebarm i Hordaland, på $60^{\circ} 17'$ n.br. Alle utbreiingsopplysningane nedanfor refererer til herbariedata i Oslo (O) og Bergen (BG).

Det første funnet av dvergålegras i Noreg blei som nemnt gjort av Axel Blytt på Brønnøya i Oslofjorden i 1895, «paa grundt vand og mudderbund i tusindvis, dannende hele enge på bunden» (etikettdata, belegg i O). Lenge var dette den einaste kjende veksestaden for dvergålegras i Noreg. Det andre funnet i landet blei gjort av Jens Holmboe på Stord og Huglo i 1922 (Holmboe 1922). På Stord fann Holmboe arten i Sævarhagsvikjo og Mjelkevikjo og seinare same sommar i Leira på Huglo. Alle tre stader fortel Holmboe at han fann «den voksende i største mængde, dækende store sammenhengende flater».

Holmboe kommenterte i 1922 at då dvergålegras var funnen i Oslofjorden og i Sunnhordland, var det grunn til å vente at han også skulle vekse i områda mellom. Dette skulle han snart få rett i, då arten alt året etter blei funnen i Holmsvika i Sande i Vestfold (av Hanna Resvoll-Holmsen). To år etter Holmboe sine funn på Stord og Huglo fann Torkel Lillefosse dvergålegras til stader i Kvinnherad, først ved Onarheim (Bogsnesvågen), seinare i Bjellandshamn, begge ved Husnes. I 1931 fann Lillefosse arten i Bergsevjo i Strandebarm (Lillefosse 1941). Holmboe var konservator ved Bergen Museum fram til 1925, då han flytta til Oslo og blei professor i botanikk ved universitet der. Dermed begynte han å botanisere meir i dei delane av landet, og i 1926 fann han ein ny førekomst av dvergålegras, i Rambergbukta på Jeløy i Moss kommune (Holmboe 1930). I 1935 blei dvergålegras også funnen

i Reierbukta, på den sørlege delen av Jeløya. Seinare blei arten funnen fire nye stader i Vestfold: Bliksekilen ved Tønsberg (1956), Langøya i Re (1960), Hummerbakkfjorden i Brunlanes, Larvik (1990) og i Viksfjorden i Tjølling, Larvik (1993). Det første funnet i Rogaland blei gjort så seint som i 1997, i Hafsfjord, Sola kommune og i 2001 blei arten funnen i Førlandsvågen i Tysvær. I seinare år er han funnen fleire stader både i Hafsfjord og i Førlandsfjorden.

Oppsummert kan me seie at dvergålegras i Noreg er kjent fra tre område: Oslofjorden i vid tyding, Rogaland og Sunnhordland (figur 2). Utbreiinga er såleis boreo-nemoral. Fråveret av arten på Sørlandet (nemoral sone) har truleg samanheng med mangelen på høvelege veksestader, då strandsona i regionen er dominert av bratte strandberg (Lundberg & Rydgren 1994).

Systematikk og fylogeni

Dvergålegras *Zostera noltei* er ikkje eit gras som det norske namnet kan indikere, men inngår i slekta ålegras *Zostera* i ålegrasfamilien *Zosteraceae*. Alle artane i familien er normalt fleirårige, marine planter som veks neddykka i sjøen (saltvatn eller brakkvatn). Dei har krypande rhizom (jordstenglar) med lange internodier (stengel-ledd), med to eller fleire ugreina røter ved kvar node (figur 3). Rhizoma har fleire funksjonar, m.a. ein festefunksjon og ein funksjon for næringsopptak frå substratet. Dessutan fungerer rhizoma som opplagsplass for lager av karbohydrat som plantene kan utnytte om vinteren, særleg aktuelt på høge breiddegrader som i Noreg, og som dei treng for å utvikle blomsterberande skot (Vermaat 2009). Artane i familien har korte skot med linjeforma, myke blad med samanpressa, omsluttande slire. Blomsterskota er laterale (sidesitlte) eller terminale (endestilte).

Blomsterstanden er eit torada aks som sit i ei hylse innanfor slira på eit stort støtteblad (figur 4). Hannblomstrane har ein pollenerbar og ho-blomstrane har ein fruktnute med ein griffel og to lange, trådforma arr. Blomsterdekke (kronblad og begerblad) manglar. Blomstrane produserer pollenn og desse har ei heilt spesiell og uvanleg form, dei er trådforma, m.a.o. ei form som er tilpassa pollinering i vatn. Fruktar er ei nøtt, avlang, utan stil, med nebb. Nøttene blir spreidde med straumar. Dvergålegras er m.a.o. ein hydrochor (som spreier seg i vatn) og ein fleirårig hydrofyt (vassplante).

Blomstringa startar med at det blir utvikla eitt langt, generativt skot frå eit opphavleg vegetativt skot. Dei blomsterberande skota, kvar med fleire



Figur 2. Den kjende utbreiinga av dvergålegras i Noreg. Fylte prikker viser intakte førekommstar, opne sirklar viser utgåtte førekommstar eller førekommstar med ukjent status. Kvar prikk kan dekke fleire lokalitetar. For nøyaktig oversikt, sjå tabell 2.
The known distribution of *Zostera noltei* in Norway. Solid dots show intact localities, open circles show extinct localities or localities with unknown status. Each dot can represent several localities. An exact list is given in Table 2.

blad, skil seg frå dei vegetative, krypande skota ved at dei er oppreiste og ved at dei ikkje har adventive røter. Hos oss er dei blomsterberande skota typisk om lag 10 cm lange. Til vanleg blir det danna eitt blomsterberande skot per node, unntaksvis to.

Pollinering skjer som sagt i vatnet. Eit første teikn på fruktsetting er at arret begynner å visne og til slutt fell av. Samstundes svulmar ovariet opp etter kvart som frukta modnast. Ovariet er først lyse på farge, men blir etter kvart brunaktig. Når frukta er moden, fell griffelen av. Storleiken på fruktene



Figur 3. Flytande dvergålegras med rhizom, internodier og blad. Vegetativ spreiling er arten sin viktigaste spreingsmåte. Sola, Strandnesvågen 20.06.2012. Foto: AL.


Floating *Zostera noltei* with rhizome, internodes and leaves. Vegetative dispersal is the species' main dispersal mode.

varierer etter grada av utvikling. Storleiken på ei frukt kan vere dobbelt så stor som ei nabofrukt, noko som indikerer at pollinering og fruktsetting i ein blomsterstand ikkje er synkron. Når griffelen fell av, etterlet den eit lite merke i enden av frukta, som har fine lengdestriper (Loques, Caye & Meinesz 1988).

Dvergålegras har stor frøproduksjon. Hootsmans, Vermaat & Van Vierssen (1987) fann at eitt blomsterberande skot utviklar 3–4 blomestandardar som kvar produserer 2–3 frø, og dei kalkulerte ein potensielt frøproduksjon på 9000 frø/m², men med store variasjonar frå populasjon til populasjon. Kor stor rolle frøa har for forplantninga av dvergålegras er likevel lite kjent. Loques, Caye & Meinesz (1988) fann ingen frø som spirte i Middelhavet (berre i laboratoriet). I Nederland ser det ut som om frøplanter er sjeldsynte (den Hartog 1970; Jakobs & Pierson 1981), og Hootsmans, Vermaat & Van Vierssen (1987) fann berre nokre få frø i sedimenta, trass i god frøproduksjon. Dette stemmer med mine observasjonar frå Noreg. Det

er mogeleg å finne frø i sedimenta, men sedimenta må først finkjemast og det er alltid berre få frø å finne. Nokre av frøa frå norske populasjonar (figur 5) er deponerte i den norske frøbanken. Harrison (1993) undersøkte tettleiken på frø av dvergålegras i sediment i Nederland, og fann i gjennomsnitt 44 frø/0,25 m². Han fann vidare at jamvel om frø var spiredyktige, var det ingen av frøa i sedimenta som spirte, utan at han fann ut kva som skjedde med dei. Frøa ser ut til å vere eittårige (Hootsmans, Vermaat & Van Vierssen 1987), og det indikerer at dvergålegras ikkje har nokon langlevd frøbank. Den viktigaste spreingsmåten til dvergålegras synest å vere vegetativ, anten gjennom horisontal vekst (Jacobs 1982; Jakobs, Noten & Claassen 1983; Scott utan år), eller gjennom fragmentering (Meinesz 1976; Noten 1983), jf. figur 3. Ei årsak til at kjønna formeiring med frø synest å vere mindre vanleg enn vegetativ formeiring, kan vere at frø blir raskt ført ut av habitata med straumar, at dei blir etne av herbivorar eller raskt nedbrotne. Hootsmans, Vermaat & Van Vierssen (1987) rekna med at <5

4



Figur 4. Dvergålegras teikna av Miranda Bødtker. a: blomsterstand, b: del av blomsterstand med kantskjel, c: frukt med griffel og arr (som etter kvarfell fall av), d: bladspiss. Etter Nordhagen (1970). Copyright: UiB.
Zostera noltei drawn by Miranda Bødtker. a: inflorescence, b: part of inflorescence with marginal scales, c: fruit with style and stigma (which will eventually fall off), d: leaf tip. After Nordhagen (1970).

% av alle dvergålegras-plantene i eit studieområde i Nederland hadde opphav frå frø.

Den vegetative veksten hos dvergålegras starter med monopodial forgreining av rotstokken, når lystilgangen aukar om våren. I Nederland stoppar forgreininga av rotstokken i slutten av juli, om lag seks veker før nedgangen i plantenes totale biomasse tek til (Vermaat & Verhagen 1996). Også andre studiar indikerer at lystilgangen er ein begrensande faktor for vekst og utbreiing av dvergålegras (Philippard 1995a, b). Biomassen av både underjordiske og overjordiske skot varierer mykje gjennom året. Ein studie frå Spania viste at biomassen av så vel underjordiske som overjordiske skot var høgst om sommaren (med høvesvis 70–75 g tørrvekt/m² og 180–200 g tørrvekt/m²), mot høvesvis 25–30 g tørrvekt/m² og 30–50 g tørrvekt/m² om vinteren. Både over- og underjordiske skot inneholdt mest nitrogen, fosfor og karbon i august. Den årlige flyten av næringsstoff frå dvergålegras til detritus-laget (daude, ennå ikkje nedbrotna restar av planter og dyr) på toppen av sedimenta blei målt til 14,6 g nitrogen, 4,1 g fosfor og 155,3 g karbon per kvadratmeter sedimentflate (Pérez-Lloréns & Niell 1993). Dette er eit mål på kor mykje overskot av næringsstoff dvergålegras er i stand til å ta opp. Det viser at dvergålegras i stor grad bidreg til å gjere forureina kystvatn reinare.


5



Figur 5. Frø med restar av griffel og arr, innsamla på Hugo. Frøa er 1,2 mm lang utan griffel. Foto: AL.
Seed with remains of style and stigma, collected at Hugo. The seed is 1.2 mm long without the style.


Også Vermaat, Hootsman & Nienhuis (1987) undersøkte sesongmessig variasjon i biomassen hos dvergålegras. Dei fann at bladveksten var størst om våren og seinest på sommaren, med synkande verdiar om hausten. Estimert årleg produksjon av biomasse over bakken var 230 g/m².

I den mest brukte norske floraen (Lid 1944 og seinare utgåver) blei det lenge rekna med to artar ålegras i Noreg, vanleg ålegras (*Zostera marina*) og dvergålegras (*Z. noltei*). I tillegg har det lenge vore



Figur 6. Ungt, ennå ikkje fullt utvikla ålegras *Zostera marina* i populasjon av dvergålegras. Forskjellen i storleik er markant. Sola, Strandnesvågen 20.06.2011. Foto: AL.

Young, not full-grown *Zostera marina* in a *Z. noltei* population. The difference in size is self-evident.



Figur 7. Blad av dvergålegras, med tydeleg hakk i toppen. Midnerva er meir markert enn dei mange lengdestripene. Foto: AL. *Zostera noltei* leaf with marked notch at the tip. The middle vein is more conspicuous than the numerous longitudinal stripes.

Kjent (Blytt 1861; Blytt 1906; Hylander 1953, Hansen 1981; Mossberg, Stenberg & Ericsson 1992) at det også finst ei form med blad som er smalare enn hos vanleg ålegras, og som også skil seg på andre måtar. Denne har i andre land lenge vore rekna som eigen art (*Zostera angustifolia*) eller underart (Markgraf 1972; Tutin et al. 1980; Markgraff & Zoller 1981; Stace 1997). I siste utgåve av Norsk flora (Lid & Lid 2005) er denne omtalt som eigen art også i

Noreg, med norsk namn smalt ålegras. Elven (2007) sin kommentar viser likevel at det i det norske materialet ikkje er heilt klart at ålegras og smålålegras er to klart skilde taksa på artsnivå. I Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/FaneKart.aspx>) er den smalblada forma av ålegras omtalt som smålålegras. Frå andre europeiske land er det også kjend ein fjerde type ålegras, nemleg ei fakultativ eittårig form av ålegras *Z. marina*, jf. t.d. Hootsmans, Vermaat & Van Vierssen (1987). Det er også kjent eittårlige populasjonar av dvergålegras. Dei finst i den øvre delen av tidevassona der regelmessige periodar med tørrlegging ved fjøre sjø skapar meir stress for plantene (Tomlinson & Posluzny 2001). Slike eittårlige populasjonar av dvergålegras har eg også observert i Noreg, såleis i den indre delen av Sømmevågen i Sola i 2012.

Skiljeteikn mellom dei tre artane av ålegras som finst i Noreg, er at vanleg ålegras oftest har minst 50 cm lange blad som er 3–10 mm breie, med fem nervar og som er avrunda i toppen. Dvergålegras har mykje kortare blad, om lag 10 cm lange, 0,5–1,5 mm breie og med ei nerve og hakk i toppen (figur 6 og 7). Smålålegras har blad som er om lag 15 cm lange, 1,5–2 mm breie, med tre nervar. Oppgitt mål for lengde og breidde er basert på norsk ma-

8



Figur 8. Dvergålegras veks på leire og/eller finsand, som her ved Vikerøya, Vestfold 27.06.2011. Foto: AL.
Zostera noltei grows on clay and/or fine sand, as here near Vikerøya island, Vestfold county.

teriale. Planter frå sørlegare delar av Europa kan ha blad som er lengre og breiare. Habitueilt minner smålålegras om ei stor utgåve av dvergålegras. Dvergålegras har rund stengel, vanleg ålegras har flat stengel. Dvergålegras har også eit spesielt skjel, «retinaculum», utanfor kvar stovberar. Dette svarar til dei falske blomsterdekkblada som også finst hos tjørnaks, som dei står nær systematisk. Bladslirene hos dvergålegras er opne, ikkje lukka som hos vanleg ålegras.

Holmboe (1922) observerte blomstringa av dvergålegras på Stord og Huglo. I slutten av juni var blomstringa ennå ikkje komen i gang, men i slutten av juli og 10. august var det rik blomstring, og på mange planter var fruktene då langt utvikla. Hootsman, Vermaat & Van Viersen (1987) undersøkte blomstring i Nederland, og dei fann at blomstringa starta i slutten av juni og heldt fram til slutten av september. Dette indikerer at blomstringa startar nok seinare hos oss enn lenger sør i Europa, og dette er som venta for ein sørleg, termofil art. Spreiinga av frø, truleg også vaksne planter, skjer med straumar langs kysten.

Økologi

Dvergålegras er eit sjøgras som inngår i viktige,

men sårbare økosystem i grunne, marine våtmarksområde. Naturleg intakte førekomstar av sjøgras dannar høgproduktive økosystem med produksjon av biomasse som kan samanliknast med mange viktige jordbruksvekstar. Den høge produktiviteten kjem også andre delar av det marine økosystemet til gode, ikkje minst for planteetarar (herbivorar), nedbrytarar (detritivorar) og mikroorganismar (Touchette 2007).

I Noreg har dvergålegras som nemnt sitt optimum i hydrolittoralsona, dvs. fjørevekslingssona. Plantene er neddykte på normal flod og dei blir blottlagde på normal fjøre. I Oslofjord-området går han også djupare, ned til ca. ein meters djup. I land lenger sør kan han gå enda djupare, ned til 10 meters djup, men hos oss går han aldri så djupt. Det same gjeld i Storbritannia, der arten aldri går under nedre fjøregrense (Scott utan år). Arten veks alltid på leirbotn eller finsand- og leirbotn, aldri på grus, alltid på beskytta til middels eksponerte, langflate strender (figur 8). Mange stader veks dei tre artane av ålegras i same området, men dei dominerer i kvar si sone. Vanleg ålegras opptrer på djupare vatn, i den sublittoriale sona, og er alltid neddykka, mens dvergålegras held til i den hydro-littoriale sona. Smålålegras har i det sørlege Noreg



Figur 9. Dvergålegras er ofte vintergrøn og kan opptre med stor biomasse også i vinterhalvåret. Dette biletet er fra Huglo 7. desember 2011. Foto: AL.

Zostera noltei is often green in winter, and can occur with large biomass in the winter season. The photo is from Huglo, 7th December 2011.

sitt optimum i overgangen mellom dei to sonene, på innsida saman med dvergålegras, lenger ute og på djupare vatn saman med vanleg ålegras. I nord ser det ut som om smålålegras har sitt optimum i den hydrolittorale sona, i omtrent same habitat som dvergålegras har i sør.

I Noreg veks dvergålegras i område der det ikkje er stor forskjell mellom flod og fjøre. Estimert forskjell mellom flod og fjøre 30.06.13 er i Bergen 83 cm, i Stavanger 34 cm, ved Helgeroa 34 cm og i Oslo 44 cm (Vannstand.no). I pollar og fjordar med trontg og grunt innløp blir tidevatnet forsinka og påverka av oppstuvningseffektar. I Hafrsfjord i Sola målte eg såleis i juni 2012 forskjellen til ca. 45 cm, altså noko høgare enn målestasjonen i Stavanger.

Dvergålegras er som nemnt ein fleirårig art. Hos oss er han til vanleg vintergrøn, og i vintermilde område kan biomassen tilsynelatande vere like stor om vinteren som i sommarhalvåret (figur 9). I innelukka bukter og pollar som (i nokre år) frys til med is om vinteren, er det truleg berre rhizoma som

overlever, og nye, grøne blad spiret om våren. Elles er det som nemnt dokumentert at det kan vere store sesongmessige variasjonar i biomassen. Dessutan er det tydeleg at biomassen i ein og same populasjon kan variere frå år til år.

I Noreg er dvergålegrasenger tidlegare undersøkt av Lundberg (1989). Dvergålegras er til vanleg einaste karplante, av og til saman med smålålegras *Zostera angustifolia*. I tillegg inngår ofte grønalgane grønske *Enteromorpha* spp. og grøndusk *Cladophora* spp. og brunalgane grisetang *Ascophyllum nodosum*, blæretang *Fucus vesiculosus* og spiral-tang *Fucus spiralis*. Brunalgar som opptrer meir spreidd saman med dvergålegras i Hordaland er vanleg finsveig *Dictyosiphon foeniculaceus*, *Fucus ceranoides*, sagtang *Fucus serratus* og sauetang *Pelvetia canaliculata*, samt raudalgen vorteflik *Gigartina stellata*, jf. Lundberg (1989).

Alegras, truleg alle tre artane, har viktige funksjonar i det marine økosystemet. Eit stort miljøproblem i mange marine gruntvassområde er overskot av næring, frå kloakkutslepp, overgjødsling frå

10



Figur 10. Eutrofiering kan bidra til framvekst av store, tette algematter som dempar lystilgangen for dvergålegras under mattene. Bilete frå Hagavika, Sola 20.06.2011. Foto: AL.

Eutrophication can lead to the growth of large, dense algal mats which obscure the availability of light for Zostera noltei beneath the mats. Photo from Hagavika, Sola municipality, Rogaland county.

jordbruket og andre kjelder. Mange marine estuar er overbelasta, og dette skapar problem for mange organismar som er knytte til grunne saltvass- eller brakkvassbukter. Dette kan t.d. kome til syne som store konsentrasjonar av grønalgar som flyt på overflata (figur 10), som veks på botnen eller opptrer epifyttisk på andre planter og som stenger for lystilgangen (Burkholder, Tamasko & Touchette 2007), eller det kan kome til syne som matter av svovelbakteriar (rosa på farge), slik det har vore mykje av i Hagabukta i Hafrsfjord dei siste åra. Planter som har evne til å ta opp overskot av næringsstoff i sjøen, som dvergålegras, har derfor ein viktig funksjon i det marine økosystemet og gjer livet leveleg for mange andre artar. Opptak av næringsstoff inneber til vanleg to ulike trinn, sjølve opptaket og assimilasjonen (omdanninga). Opptak i denne samanhengen er evne til å ta opp næringsstoff fra sjøen eller sjøbotnen til plantecellene; assimilasjon er integrasjonen av næringsstoff i plantenes organiske materiale (Romero et al. 2006). Fleire studiar av ålegras og andre sjøgras viser at både blad og

røter har evne til betydeleg opptak av næringsstoff, spesielt ammonium og fosfat. Blad har større evne til opptak enn røter. Undersøkingane indikerer at dvergålegras har spesielt stor evne til å ta opp næringsstoff samanlikna med vanleg ålegras (Romero et al. 2006). Dette viser at dvergålegrasengene der dei finst, spelar ei viktig rolle for funksjonen av marine økosystem.

Alle ålegrasenger, også dei med dvergålegras, er viktige for stabiliteten i grunne, marine område. Dvergålegras bidrar i stor grad til å fange opplyste partiklar, og fungerer såleis som sedimentasjonsfeller (Charpentier et al. 2005). Den svakt undulerande overflata med veksling mellom låge høgder og grunne søkk som me ofte kan sjå i område med dvergålegras, skuldast denne funksjonen hos dvergålegras.

Også Cabaço et al. (2008) undersøkte tilhøvet mellom opphoping av næringsstoff og dvergålegras, i eit område i Portugal. Dei fann at opphopinga av næringsstoff i sjøen førte til høgare biomasse av dvergålegras, samt lengre internodier og blad. Dette

gjaldt likevel ikkje nærest utsleppskjeldene (270 m frå utsleppskjelda).

Det høge innhaldet av ammonium i sjøen nær utsleppskjelda (158–663 µM) gjorde at biomassen sank og at bladlengde og lengda på internodia gjekk ned. Dette indikerer at svært høge konsentrasjonar av ammonium (truleg også andre næringsstoff) verkar toksisk på dvergålegras (Cabaço et al. 2008; Burkholder, Tamasko & Touchette 2007). Ved lågare konsentrasjonar av ammonium, vil dvergålegras kunne ta opp overskot og omdanne det til grønt og friskt plantemateriale. Dvergålegras bidrar såleis til å dempe effektane av forureining og til at områda framleis er levelege for andre marine organismar.

Store og tette ålegrasenger har også ein viktig funksjon i høve til kystsikring. Dei er bølgjedemparar og bidrar i vesentleg grad til mindre erosjon langs strendene. Den dramatiske nedgangen i førekomsten av ålegras på 1930-talet fekk store konsekvensar nokre stader langs kysten, som i Sævarhagsvikjo på Stord. Ei 250 m lang landtunge mellom Sævarhagen og det som i dag er eit skjer, Tyseskeret, forsvann etter at ålegras-engene utanfor blei desimerte frå 1930-talet (Lundberg 1988). Det same skjedde andre stader langs kysten. Lillefosse (1941) skriv t.d. «overalt i Strandebarm er *Z. marina* utdødd». Etter sjukdomen i 1930-åra har ålegraset langs kysten tatt seg sakte, men sikkert opp igjen (Direktoratet for naturforvaltning 2013).

Me kan oppsummere at ålegrasenger fungerer som viktige marine filter for næringsstoff og forureining, og dei lagrar store mengder karbon. Dei utfører mange økosystemtenester som menneskesamfunna nyt godt av i form av forbetring av vasskvaliteten, i form av å vere oppvekstområde for økonomisk viktige fiskeslag og sjødyr (som reker), og i form av bølgjedemping og kystsikring.

Hootsmans, Vermaat & Van Vierssen (1987) gjorde spiringsforsøk med dvergålegras i laboratoriet. Dei fann maksimal spiring ved 30 °C og 1,0 % salinitet og at spiringen avtok ved høgare salinitet og lågare temperatur. Frøplanter overlevde best ved 10 °C og 1,0 % salinitet. Loques, Caye & Meinesz (1990) kom til liknande resultat: spiringen auka ved låg salinitet (1–10 %). Dei fann også at frøplantene blei til juvenile planter i løpet av 20 dagar. Det er ikkje berre frø og frøplanter som spirer optimalt ved låg salinitet. Det same gjeld fullt utvikla planter. Vermaat, Verhagen & Lindenburg (2000) dyrka dvergålegras-planter under ulik salinitet, og dei fann høg mortalitet ved høg salinitet (35 %), og låg mortalitet ved låg salinitet. Tabell 1 oppsummerar miljøtilhøva på veksestadene til dvergålegras.

Interaksjonar med andre organismar

Dvergålegras veks som nemnt på leire- og finsandbotn, og det er vanleg at det er eit lag med anoksiske tilhøve (lag utan luft, men med hydrogensulfid) 5–10 cm nede i leira. I Storbritannia opptrer dvergålegras saman med marine smådyr som børstemarkane *Scoloplos armiger*, *Pygospio elegans* og fjøremark *Arenicola marina*, samt vanleg hjarteskjel *Cerastoderma edule* og austersjøskjel *Macoma balthica* (Connor et al. 2004). Dette er artar som også opptrer langs norskekysten.

Dei langgrunne sand- og leirstrendene som dvergålegras veks på, er også habitat for andre planter og dyr. Nokre av desse er i konkurransen med dvergålegras. Det gjeld m.a. fjøremark *Arenicola marina*. Dvergålegras er som nemnt ein fleirårig art med rhizom som ligg horisontalt i sedimenta. Rhizomet har ikkje evne til vertikal vekst, og det gjer arten sårbar for nedslamming. Fjøremark et seg gjennom sedimenta og er i stand til å bearbeide om lag 20 cm med sediment i året. I mange sør- og vesteuropiske land har dvergålegras hatt ein markert tilbakegang dei siste tiåra, og eutrofiering blir rekna som ei hovudårsak til dette. I forsøk på å restaurere desimerte dvergålegras-populasjonar har ein derfor sett inn tiltak for å fjerne eller dempe eutrofieringa. Dette har mange stader lukkast, men utan at dvergålegras kom tilbake. Det viste seg at område som tidlegare hadde hatt tette førekomstar av dvergålegras, i mellomtida var blitt invadert av fjøremark. Gravinga til fjøremarken gjorde at dvergålegras ikkje klarte å kome tilbake (Philippard 1994; Philippart & Dijkma 1995). Problemet gjeld også frø og frøplanter av dvergålegras og ålegras, som lett blir nedslamma av gravinga til fjøremarken (Valdemarsen et al. 2011). Også hos oss ser det ut som at det ikkje er tette førekomstar av dvergålegras der det er tette førekomstar av fjøremark (figur 11).

Ålegrasenger har i det heile mange økologiske funksjonar som er viktige for at marine gruntvassområde skal fungere på ein helsemessig og miljømessig god måte. Ein av desse er å fungere som habitat for andre marine organismar og å danne grunnlag for primærproduksjonen som er basis for økologisk og økonomisk viktige bestandar av reker, skjel og fisk, m.a. kysttorsk. Dette kom spesielt tydeleg fram i 1930-åra då ålegras (alle tre artane) på begge sider av Atlanterhavet blei hardt ramma av ein sjukdom forårsaka av ein slimsopp. Om lag 90 % av bestanden av ålegras i Nord-Atlanteren forsvann, og dette hadde katastrofale effektar på

Tabell 1. Økologiske faktortal for dvergålegras (etter Ellenberg et al. 1992).
Ecological factor numbers for Zostera noltei (after Ellenberg et al. 1992).

Miljøparameter	Skala	Faktortal	Forklaring
Lys	1-9	7	Halvlysplante, ofta i fullt lys
Temperatur	1-9	6	Varmekjær
Kontinentalitet	1-9	2	Oseanisk
Væte	1-12	12	Undervassplante
Reaksjonstal	1-9	7	Svakt sur – svakt basisk
Næringsstal	1-9	5	Næringsrik
Salttal	1-9	8	Euhalin, dvs. at arten toler høg salinitet (1,6-2,2 % Cl ⁻)
Livsform	-	Hydrofyt	Heile livssyklusen i vatn
Vintergrøn	-	Ja	Med grøne blad som ofte overvintrar
Spreiingsform	-	Hydrochor	Frø spreidde med straumar

produktiviteten i marine gruntvassområde. Fiske etter kamskjel forsvann heilt for mange år, og det føpte med seg ein dramatisk nedgang i bestanden av ringgås *Branta bernicla* i Europa då arten mista si viktigaste matkjelde i vinterkvartera (Milne & Milne 1951; Moore & Short 2006).

Ålegrasengene er sårbare økosystem. Store delar av ålegras-populasjonane langs kysten av Vest-Europa forsvann som følgje av sjukdomen som ramma dei i 1930-åra. I andre europeiske land var ålegras kjent frå både den sublittorale og den hydrolittorale sona (i Noreg er arten stort sett knytt til den sublittorale sona). Etter sjukdommen kom ålegras-populasjonane i den sublittorale sona aldri tilbake (Rasmussen 1973; Leuschner & Rees 1993), med det tap av biodiversitet og økologiske funksjonar, inklusive kystsikring, som det har ført med seg.

I Storbritannia er det rapportert at gjæser kan beite sterkt på dvergålegras-enger og i stor grad redusere førekomensten av arten. Gjæsene beitar helst på dei overjordiske delane av dvergålegras, og rhizoma bidrar til vidare overleving (Connor et al. 2004). Også Rodwell (2000) rapporterer om omfattande tap av blada på dvergålegras i løpet av haust og vinter grunna naturleg bladfelling, skade av uvaer og beiting av vassfugl. Dei nemner at planter som veks på litt djupare vatn kan vere ved å vere vintergrøne. I motsetnad til hos smålålegras skjer ekspansjonen om våren i stor grad med vekst frå rhizoma og frøspiring. Det er ting som indikerer at dvergålegras oppnår maksimal biomasse seinare på året enn vanleg ålegras, i Storbritannia i september-oktober.

Som me har sett er ålegras viktig mat for fleire våtmarksfuglar, og dvergålegras har mange av dei same funksjonane. Ranwell & Downing (1959)

indikerer at dvergålegras kan vere meir viktig i dietten til ringgås enn vanleg ålegras, då det er mest dvergålegras akkurat på den tida ringgjæsene kjem til overvintringsstadene. Tydelegvis står dvergålegras høgt oppe på preferanselista til ringgjæsene, for dei begynner med dvergålegras og et alt dei kan finne av denne før dei fortset med beite på grønske *Enteromorpha* spp. og seinare på strandengene og av og til dyrka mark og beite. Ringgås blir regelmessig sett på trekk i Noreg, men ikkje i dei mengdene som overvintrar i Storbritannia. Eit nytt og veksande problem for dvergålegras i Noreg er derimot flokkar av knoppsvane *Cygnus olor*.

Fleire undersøkingar viser at dvergålegras utgjer ein viktig del av dietten for fleire våtmarksfuglar. I det nederlandske Vadehavet gjeldt det spesielt fire artar: ringgås, stjertand *Anas acuta*, brunnakke *Anas penelope* og stokkand *Anas platyrhynchos*. I løpet av ein periode frå 10. september til 8. desember konsumerte dei 1426 kg tørrvekt med sjøgras. I gjennomsnitt var det 710 beitande fuglar i området i perioden. Av det som blei konsumert sto stjertand og brunnakke for 66 %. I løpet av vinteren forsvann 50 % av den totale biomassen av dvergålegras pga. naturleg avgang (død), konsumpsjon og mekanisk slitasje frå bølgjeslag (Jacobs, Den Hartog, Braster & Carriere 1981). I Noreg er det ingen tvil om at dvergålegras blir ete av knoppsvaner (Lundberg 2010).

Dvergålegras blir av og til nemnt i samanheng med småhavgras *Ruppia maritima*. Dei to artane veks her og der saman, men det systematiske arbeidet med Handlingsplanen for dvergålegras i Noreg og oppfølginga av den (Lundberg 2010, 2011, 2012a, b) har vist at dei to artane i Noreg til vanleg veks kvar for seg. Der dei veks i den same bukta, dekkjer dei alltid kvar sine delar av bukta.

11



Figur 11. Fjøremark *Arenicola marina* er i stand til å røre om inntil 20 cm sediment i året, og dette skapar problem for dvergålegras som har rhizom utan evne til vertikal vekst. Sola, Strandnesvågen 21.06.2012. Foto: AL.

The lugworm Arenicola marina is able to mix up to 20 cm of sediment within a year, which creates problems for Zostera noltei, whose rhizomes lack the ability of vertical growth.

Det gjeld i alle område i Noreg der dei to artane veks i ei og same bukt: i Viksefjorden og Bliksekilen i Vestfold, og i Hafsfjord og Førlandsfjorden i Rogaland. I Hordaland er det ikkje småhavgras i bukter med dvergålegras. I Strandnesvågen i Hafsfjord har eg kartlagt den lokale utbreiinga av dvergålegras og småhavgras. Som figur 12 viser, inntar dei to artane kvar sine delar av vågen, og det er liten grad av overlapp mellom dei to utbreiingsmönstra. Det er ulike årsaker til at dei to artane opptrer i kvar sine delar av slike bukter. Det eine er at dei har ulik økologi, og at småhavgras har sitt optimum på djupare vatn enn dvergålegras, gjerne i øvre del av den sublittorale sona. Dette er hovudmønsteret, jamvel om det også finst førekomstar av småhavgras i den hydrolittorale sona. Eit anna moment er at populasjonar av småhavgras kan bli svært tette, gjerne med dekning på 100 %, og då er det ikkje plass til dvergålegras. Eit tredje moment kan vere at dvergålegras spirer därleg i nærvær av småhavgras. Det har i alle fall vist seg å vere tilfelle med ålegras. I eit hektar-stort forsøksfelt blei det spreidd store mengder frø av ålegras i felt med småhavgras, og det var nesten ingen frøplanter av

ålegras som spirte der, men dei spirte i tilgrensande felt utan småhavgras (Marion & Orth 2010). Dette kan forklare kvifor dvergålegras og småhavgras veks kvar for seg i bukter i Noreg der begge artane er til stades.

Trugsmål

Utbygging og utfylling

Strendene som dvergålegras veks på er over heile Europa utsette for utfylling, vegbygging, hamneutbygging, mudring og andre tekniske inngrep, og det har gjort at dvergålegras mange stader har forsvunne. I Noreg ser dette dessverre ut til å halde fram med stor styrke i åra framover, trass i at dvergålegras har status som sterkt trua art (EN), og trass i at arten i nær framtid truleg får status som prioritert art. Eit symptomatisk døme er Sømmevågen inst i Hafsfjord, Sola kommune. Her finst ein av dei store førekomstane i Noreg av den sterkt trua raudlistearten. Her finst også flotte utformingar av ålegraseng, vurdert som ein A-lokalitet. Ålegrasengene blir rekna som sårbare, VU, og dvergålegrasengene blir rekna som akutt trua, CR (Elven i Fremstad & Moen 2001). I tillegg er Sømmevågen

Tabell 2. Status for dvergålegras i Noreg per 2012 (revidert etter Lundberg 2010, 2011). LVO = Landskapsvernområde. NR = Naturreservat.

Status for Zostera noltei in Norway per 2012 (revised after Lundberg 2010, 2011). LVO = Landscape protection area. NR = Nature reserve.

Fylke/komm. County /municipality	Lokalitet Locality	UTM 32 V (Ø,N)	Første funn First observation	Sist rapportert Last reported	Intakt Intact	Vernestatus Conservation status
Østfold						
Råde	Kråkstadfjorden	0601597, 6582657	2002	2002	Ja	NR
Moss	Jeløy, Rambergbukta	0592495, 6593483	1926	1962	Nei?	NR
Moss	Jeløy, Reierbukta	0591955, 6588419	1935	1935	?	Ingen
Akershus						
Asker	Brønnøya	0586612, 6636674	1895	1896	Nei	Ingen
Vestfold						
Sande	Holmsbukta	0569864, 6604237	1923	1923	?	LVO
Re	Langøya	0577268, 6596513	1960	1960	?	Ingen
Tønsberg	Bliksekilen	0585289, 6577181	1956	2012	Ja	NR
Larvik	Hummerbakkfjorden	0552993, 6537998	1990	2011	Ja	NR
Larvik	Vikerøya	0565822, 6544667	1993	2012	Ja	LVO
Rogaland						
Sola	Sømmevågen	0306118, 6533326	2003	2012	Ja	Ingen
Sola	Strandnesvågen	0305187, 6534666	1997	2012	Ja	NR
Sola	ved Kuholmen	0305465, 6535052	1999	2011	Ja	Ingen
Sola	Øyarvågen	0305826, 6536983	1997	2011	Ja	NR
Sola	Hagavika	0305508, 6537489	1997	2011	Ja	NR
Tysvær	Rønvik nord	0299105, 6587741	2010	2010	Ja	Ingen
Tysvær	Førlandsvågen	0299838, 6589387	2001	2010	Ja	Ingen
Hordaland						
Bømlo	Halvardsvika	0296697, 6624408	1936	1936	Nei	Ingen
Stord	Mjelkevikjo	0305638, 6633561	1922	2009	Nei	NR
Stord	Sævarhagsvikjo	0305647, 6634522	1922	2009	Nei	Ingen
Stord	Huglo, Leira	0307368, 6640548	1922	2011	Ja	Ingen
Kvinnherad	Bjellandshamn	0314787, 6637801	1924	1924	Nei	Ingen
Kvinnherad	Onarheim	0314787, 6637801	1924	1924	Nei	Ingen
Kvam	Strandebarne, Berge	0334965, 6685162	1931	2009	Ja	Ingen

ein viktig fuglelokalitet. Høgare verdisetting enn det som er brukt på naturverdiane i Sømmevågen eksisterer ikkje. Vegvesenet er sjølvsagt i sin fulle rett til å søke om å få bygge veg her, men viss ikkje Fylkesmannen skal fremje motsegn i ei sak som dette, kva tid skal det då fremjast motsegn?

«Føre-var-prinsippet» er i grunnen ikkje relevant i denne saka. Det skal trekkjast inn dersom det er usikkerheit om miljøverknadene av eit inngrep; tvilens skal kome miljøet til gode. I Sømmevågen er

det ingen tvil: inngrepet vil vere øydeleggjande for store, kritisk trua naturverdiar. Med Fylkesmannen si velsigning er det no vedtatt å bygge ny veg på ei 30 m brei fylling i den indre delen av Sømmevågen og eit unikt gruntvassområde vil gå tapt. Er det slik me skal forvalte kritisk trua natur i Noreg?

Graving og mekanisk slitasje

Dvergålegrasplantene er ikkje spesielt robuste, og rotssystemet deira blir lett rivne opp av graving,



Figur 12. Utbreiinga av dvergålegras i Strandnesvågen, Sola i 2012. Området sør og sørvest for feltet med dvergålegras er dominert av fjoremark (figur 11) og småhavgras (som går godt i lag med fjoremark).

The distribution of Zostera noltei in Strandnesvågen, Sola municipality, Rogaland county, in 2012. The area to the south and southwest of the Z. noltei population is dominated by lugworm (Fig. 11) and the ditchgrass Ruppia maritima, which here seems to thrive together with the lugworm.

drenering, propellar, ankring og anna mekanisk slitasje. Mudring og bygging av småbåthamner i nærleiken av dvergålegras-førekomstar er derfor ein därleg kombinasjon. Graving i strandsona og mekanisk slitasje har vore årsak til at dvergålegras har forsvunne eller gått tilbake, både i utlandet og i Noreg.

Overgjødsling, forureining og nedslamming

Ophopning av næringsstoff bidrar til framveksten av epifyttiske algar som kan hemme veksten av dvergålegras. I Göteborg-området har den introduserte raudalgen *Gracilaria vermiculophylla*, opphavleg frå Asia, raskt etablert seg i grunne bukter og ho kan utgjere eit potensielt trugsmål mot dvergålegras.

Algen er ennå ikkje funnen i Noreg, men truleg er det berre eit tidsspørsmål før han dukkar opp her i landet. Eutrofiering er også årsak til at andre og heimlege algeartar som tarmgrønske og andre, kan opptre i store mengder, og vere 100 % dekkjande i store felt i tidevassona. I sterkt eutrofierte fjordområde er det ikkje uvanleg å sjå at slike algematter dekkjer store delar av dvergålegras-populasjonane, som i Viksfjorden i Vestfold og Hafrsfjord i Rogaland. Tilgangen på lys er ein av dei viktigaste vekstav-grensande faktorane for dvergålegras, og når dei blir dekte av tjukke algematter, er det lite gunstig. Måten å løyse dette på er å få kontroll med utslepp i nedslagsfeltet.

Forureining og overgjødsling er eit anna trugs-mål mot førekomensten av dvergålegras i Noreg. Førekomstane i Halvardsvika på Bømlo og Bjellandshamn i Kvinnherad ser ut til å vere forsvunne på grunn av dette. I Halvardsvika har det skjedd industriutbygging med bygging av kaianlegg i strandsona og dessutan er det oppdrettsanlegg like utanfor den grunne stranda.

Eit anna trugsmål mot dvergålegras er nedslamming. Problemet synest å vere spesielt stort omkring Oslofjorden og skuldast jordpartiklar som kjem ut i grunne viker og sund via bekkar som renn gjennom opne jordbrukslandskap. Aktivitetar som haustpløying, dyrking heilt ned til kanten av bekkan, utan bufferzonar med skog eller buskar, gjer at nedbøren vaskar ut jordpartiklar i bekkar og elver. Dette utgjer eit stort trugsmål mot mange vassplanter i Østfold/Oslofjorden, ikkje minst for hjartetjørnaks *Potamogeton perfoliatus* i Øra naturreservat, men også for dvergålegras (Jan Ingar Iversen Båtvik pers.medd. 29.11.2009).

Eit siste moment i høve til overgjødsling og nedslamming er den gjørmedanninga som skjer i langgrunne, marine våtmarksområde, og som skuldast tilføring av organisk materiale frå land. Fenomenet er nærmare omtalt i avsnittet om kvifor dvergålegras forsvann frå Stord, sjå under.

Kvífor forsvann dvergålegraset frå Stord?

Førekomstane av dvergålegras i Sævarhagsvikjo og Mjelkevikjo har vore kjent sia 1922 (Holmboe 1922). Eg har fulgt med dei her sia 1980-åra, systematisk og årleg sia 2008. I Sævarhagsvikjo var førekomensten intakt fram til hausten 2008, men tidleg i 2009 var det berre 3–4 planter tilbake. I Mjelkevikjo var det i 2009 berre fem planter (Fadnes 2010). I Handlingsplanen for dvergålegras i Noreg (Lundberg 2010) blei det indikert at tilbakegangen

på Stord hadde noko med knoppsvaner å gjere, då tilbakegangen starta då knoppsvane etablerte seg som hekkefugl i området. Også i Hafsfjord er det knoppsvaner som beitar på dvergålegraset. Knoppsvanene riv opp plantene med rhizom, internodier, blad og det heile, og et det dei klarer å få i seg. Mange avbeita skot og blad blir liggande på sjøoverflata. For å avdekke om knoppsvanene kunne vere årsak til at dvergålegras forsvann frå Sævarhagsvikjo og Mjelkevikjo, blei det i oktober 2010 sett opp eit nettinggjerde omkring feltet der dvergålegras hadde vokse. Gjerdet skulle halde beitande fuglar vekke, og håpet var at dvergålegraset skulle kome tilbake. Etter sesongane 2011 og 2012 kan me oppsummere at dvergålegras så langt ikkje har kome tilbake. Mistanken mot knoppsvanene som årsak til tilbakegangen for dvergålegras har dessutan blitt mindre. Knoppsvanene et dvergålegras, det er ingen tvil om det, men neppe så mykje at det er årsaka til at arten forsvann frå Stord.

Spørsmålet er kva som elles kan forklare forsvinninga. Ei mogeleg forklaring kan vere omfattande stranderosjon. I Mjelkevikjo er det per 2012 ein om lag 30 cm høg erosjonsskrent i overgangen mellom sjø og land. Det smale beltet av strandeng mellom sjøen og svartorstrandskogen innanfor er blitt ennå smalare. Tydelegvis har det skjedd stranderosjon i dette området. Dersom sedimenta i Mjelkevikjo har blitt vaska ut, kan heile livsmediet til dvergålegras ha forsvunne. Problemet med denne forklaringa er at det er omfattande stranderosjon i Leira på Huglo også. Her er det framleis store mengder dvergålegras, ein av dei største førekomenstane i Noreg. Leira ligg på andre sia av Langenuen, sundet mellom øyene Stord og Huglo, i ein avstand mindre enn 5 km. Stranderosjonen i Leira på Huglo er truleg ennå større enn i Mjelkevikjo, erosjonsskrenten er nokre stader om lag ein halv meter høg. Like utafor er det tette populasjonar av dvergålegras. Stranderosjon kan derfor neppe forklare kvifor dvergålegras forsvann frå dei til lokalitetane på Stord.

I dei åra eg har følgt førekomenstane av dvergålegras i Sævarhagsvikjo og Mjelkevikjo på Stord har det skjedd ei anna gradvis endring av miljøet i strandsona. Sedimentet i sjøen er marin blåleire, og det er i dette vekstmediet dvergålegras har vokse. I dag er leira på sjøbotnen dekt av eit tjukt lag av gjørme med markert innslag av organisk materiale. Det organiske innhaldet kjem delvis frå tilgrensande jordbruksområde (i Sævarhagsvikjo), men i stor grad også frå nedfall av blad og greiner frå svartorstrandskogen (særleg i Mjelkevikjo). Når dette organiske nedfallet blir blanda i leira, blir topplaget

av leira (sjøbotnen) omdanna til gjørme. Gjørme er laus i konsistensen, for laus til at rotstokkane av dvergålegras får permanent feste. Dei kan dermed ha blitt vaska ut i periodar med sterkt pålandsvind. Dei siste åra har me hatt fleire slike ekstremver episodar i vinterhalvåret, t.d. stormen Per som ramma Hordaland i januar 2007.

